

UNIVERSITETET I BERGEN



Årsmelding

2001

Bergen, mai 2002

Grafisk form:
Informasjonsavdelinga

Innhold

| | |
|---|----|
| FØREORD | 5 |
| 1. OVERSYN OVER VERKSEMDA | 6 |
| 1.1. HOVUDTREKK | 6 |
| 1.2. UTDANNINGSREFORMA | 6 |
| 1.3. FORSKING | 6 |
| 1.4. KUNNSKAPSBASERT NYSKAPING | 7 |
| 1.5. NOKRE HOVUDTAL | 7 |
| 2. RESSURSAR | 8 |
| 2.1. REKNESKAP 2001 | 8 |
| 3. RESULTAT | 9 |
| 3.1. UNDERVISNING, LÆRING OG ARBEIDSMILJØ | 9 |
| 3.2. HOVUDFAGS- OG DOKTORGRADSKANDIDATAR | 9 |
| 3.3. AVLAGDE VEKTTAL I 2001 | 10 |
| 3.4. ARBEIDS- OG LÆRINGSMILJØ | 11 |
| 3.5. FUNKSJONHEMMA STUDENTAR | 11 |
| 3.6. NYE STUDIUM | 11 |
| 3.7. ETTER- OG VIDAREUTDANNING | 11 |
| 3.8. STRATEGISKE PRIORITERINGAR | 12 |
| 3.9. VITSKAPLEGE PUBLIKASJONAR | 12 |
| 3.10. SAMARBEID MED STATENS UTDANNINGSKONTOR | 12 |
| 3.11. NETTVERK VIDAREUTDANNING I BERGEN | 13 |
| 3.12. NORGESNETTET | 13 |
| 3.13. ENTREPRENØRSKAP | 13 |
| 3.14. EVALUERING AV UNIVERSITETET I BERGEN | 14 |
| 4. INTERNASJONALISERING | 15 |
| 5. FORMIDLING | 16 |
| 5.1. MUSEUMSVERKSEMDA | 16 |
| 5.2. TIDSSKRIFT | 17 |
| 5.3. POPULÆRVITSKAPLEG VERKSEMD | 17 |
| 6. EKSTERNT FINANSIERT VERKSEMD | 18 |
| 6.1. RANDSONEINSTITUSJONAR | 18 |
| 7. OMORGANISERING | 20 |
| 8. BYGG OG LOKALE | 20 |
| 9. STILLINGAR | 20 |
| 9.1. TILSETTE | 20 |
| 9.2. KVINNER I VITSKAPLEGE OG ADMINISTRATIVE STILLINGAR | 21 |
| 9.3. KOMPETANSEHEVING FOR TILSETTE | 21 |
| 9.4. HELSE, MILJØ OG SIKKERHEIT | 22 |
| 10. PRISAR TIL UIB-FORSKARAR I 2001 | 22 |
| TEMA-ARTIKKEL: UTDANNINGSREFORMA | 23 |
| 11. DET HISTORISK- FILOSOFISKE FAKULTET | 25 |
| 11.1. UTDANNING | 25 |

| | |
|---|----|
| 11.2. FORSKING | 26 |
| 11.3. INTERNASJONALISERING | 26 |
| 12. DET JURIDISKE FAKULTET | 27 |
| 12.1. UTDANNING | 27 |
| 12.2. REKRUTTERING | 27 |
| 13. DET MATEMATISK- NATURVITSKAPLEGE FAKULTET | 28 |
| 13.1. UTDANNING | 28 |
| 13.2. FORSKING | 28 |
| 14. DET MEDISINSKE FAKULTET | 29 |
| 14.1 UTDANNING | 30 |
| 14.2 FORSKING | 30 |
| 15. DET ODONTOLOGISKE FAKULTET | 31 |
| 15.1. UTDANNING | 31 |
| 15.2. REKRUTTERING OG NYBYGG | 32 |
| 15.3 FORSKING | 32 |
| 15.4 INTERNASJONALISERING | 32 |
| 16. DET PSYKOLOGISKE FAKULTET | 33 |
| 16.1. UTDANNING | 33 |
| 16.2. FORSKING | 34 |
| 16.3. REKRUTTERING OG NASJONALT SAMARBEID | 34 |
| 17. DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET | 35 |
| 17.1. UTDANNING | 35 |
| 17.2. FORSKING | 35 |
| 18. UNIVERSITETSBIBLIOTEKET | 36 |
| 19. STYRINGSORGAN | 38 |
| 19.1. DET AKADEMISKE KOLLEGIUM, SAMANSETNING 2001 | 38 |
| 19.2. DEKANAR 2001 | 38 |
| 19.3. KOLLEGIERÅDET, SAMANSETNING I 2001: | 38 |



Kirsti Koch Christensen

Kirsti Koch Christensen

Rektor

Studentane i brennpunktet

Tre saker opptok oss særskilt i 2001: Arbeidet med utdanningsreforma, arbeidet med å førebu oss til konkurransen om å få tildelt senter for framifrå forskning, og den eksterne evalueringa av Universitetet i Bergen.

Utdanningsreforma som styresmaktene har vedteke på grunnlag av Mjøs-utvalet si innstilling, har som føremål å betre studiekvaliteten ved å gje meir variert undervisning, tettare og meir individuell oppfølging og vurdering og å gjere grad- og karaktersystemet meir internasjonalt.

Det bør kunne bli ein god og viktig reform.

Nokre av dei nye studieprogramma startar alt hausten 2002, med full verknad frå haustsemesteret 2003.

Mykje arbeid vart nedlagt i 2001 for å førebu denne reforma, og ein skilde prøveprosjekt vart sett i verk med løfterike resultat. Det som uroar oss no, er ressursane: Røynslene viser nemleg eintydig at det nye systemet er langt meir ressurskrevjande enn dagens. Skal utdanningsreforma bli den suksess ho fortener å bli, må styresmaktene difor følgje opp med løyvingar som gjev universiteta ein rimeleg sjanse til å ta fullt ansvar for reforma.

Så langt har Universitetet i Bergen kome svært godt frå konkurransen om å prekvalifisere sentrale forskingsmiljø til å oppnå status som senter for framifrå forskning: Av totalt 40 prosjekt som i 2001 var kvalifisert til å delta i den andre og endelege søknadsrunden om å bli senter for framifrå forskning, deltek Universitetet med 9 søknader. Det er eit hyggeleg resultat!

Evalueringa av Universitetet fekk med rette mykje merksemd i 2001. Den eksterne rapporten gav både ros og kritikk – heldigvis mest av det første! På bakgrunn av internasjonale fagvurderingar, skriftleg dokumentasjon og møte med dei tilsette, var det komitéen sin dom at Universitetet i Bergen både i kvalitet og relevans framstod som ein forskingsinstitusjon på høgt europeisk nivå.

Eit viktig element i evalueringa var "Studentbarometer 2001", som oppsummerte studentane sine oppfatningar. På ein skilde punkt vart det svara klårt at dei ikkje var nøgde; men i eit avsluttande spørsmål sa 80% av dei ville tilrå Universitetet i Bergen som studiestad.

Frå min ståstad opplever eg at studentane er komne langt sterkare i brennpunktet enn tidlegare. Samstundes ser vi at tevlinga mellom institusjonane er blitt kvassare – både tevlinga innanlands og tevlinga med utanlandske lærestader. I all hovudsak ser vi på dette som positivt. Sjølv ønskjer vi å utvikle utdaningsmiljøa våre til å bli enda betre, slik at studentane i åra som kjem, kan trivast enda betre enn i dag, både fagleg og sosialt.

1. Oversyn over verksemda

1.1. Hovudtrekk

Verksemda ved Universitetet i Bergen var i 2001 merkt av utdanningsreforma og tiltaka knytt til ein stegvis gjennomføring av reforma frå hausten 2002. Året bar også fram ei utbygging av utdanningstilboda innan helsefaga, og ei styrking av profilerte forskingsmiljø relaterte til Noregs Forskringsråds satsing innan funksjonell arveforskning (FUGE-programmet om utforskinga av det menneskelege genomet), og til Rådet sin konkurranse om å etablere sentre for framifrå forskning.

Ei ekstern nemnd oppnemnd av Norgesnettrådet evaluerte i 2001 Universitetet i Bergen. Vurderinga var oppmuntrande for universitetet:

"Både de internasjonale fagvurderinger som er foretatt og det inntrykket Komiteen har gjennom skriftlig dokumentasjon og møter med de ansatte, tilsier at Universitetet i Bergen både i kvalitet og relevans fremstår som en forskningsinstitusjon på høyt europeisk nivå."

Nemnda samanfatta som sitt inntrykk at "Universitetet i Bergen i all hovedsak har forvaltet sin historiske arv på en svært god måte". Slik nemnda såg det, har utfordringa for Universitet i Bergen vore – heilt sidan institusjonen vart skipa i 1948: "å finne sin rolle i spenningsfeltet mellom det tradisjonelle forskningsuniversitetet og en dynamisk og langt mer samfunnsrettet og samfunnsorientert institusjon".

1.2. Utdanningsreforma

Utdanningsreforma krev omstrukturering på alle nivå. Reforma omfattar m.a. nytt lovverk, ny gradstruktur, omlegging av opptak til studieprogram i staden for fakultetsvise opptak til allmennfaga, modulisering av alle studiane, omlegging til nytt karaktersystem, innføring av studiepoeng i staden for vekttall, tettare studentoppfølging, utvida studieår, auka internasjonalisering av studia m.m.

Universitetet nedfelte i 2001 føremålet med reforma i sine eigne strategiar og opplegg, slik at institusjonen på alle nivå er førebudd på å innføre reforma stegvis frå 2002, med full gjennomføring frå og med haustsemesteret 2003. Universitetet sette i den samanheng ned ei eiga styringsgruppe, leia av viserektor for utdanning, som skal samordne dette arbeidet. Arbeidet med studiereforma kan alt no vise til gode resultat, men røynslene så langt syner òg eintydig at reforma er ressurskrevjande.

Universitetet tek aktivt del i prosjektet Utdanning i Bergen, som siktar mot å gjere Bergen meir synleg som utdanningsby, å betre tilboda for studentane i byen og å styrke nettverka mellom næringslivet og utdanningsmiljøa i bysamfunnet. Dei andre deltakarane i prosjektet er Norges Handelshøyskole, Høgskolen i Bergen, Studentsamskipnaden i Bergen, Bergen Næringsråd, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

1.3. Forsking

Som lekk i sin strategi vil universitetet i åra som kjem, styrke satsinga på nokre særskilde område. Heilt sentralt her står marin forskning, inkludert klimaforskning, som lenge har vore eit område der Universitetet i Bergen har spisskompetanse. Havbruksnæringa og utbygginga på kontinentalsokkelen har årleg forsterka behovet for kunnskapsutvikling på dei marine fagområda.

Bjerknessamarbeidet har gjeve norsk klimaforskning ny tyngd: Innanfor dette samarbeidet – der eit senter huser kompetanse både frå oseanografi, meteorologi, geologi og botanikk – vil universitetet

bygge vidare ut den tradisjonsrike forskinga i Bergensmiljøet om samspelet mellom hav, luft og is. Siktemålet er å gjere dette forskingsmiljøet til eit europeisk tyngdepunkt i klimaforskinga.

Universitetet la også i 2001 stor vekt på å føre vidare den utviklingsrelaterte forskinga, som er ein viktig del av profilen til Universitetet i Bergen. I det såkalla NUFU III-programmet – eit program for kompetanseutvikling gjennom institusjonelt samarbeid med utvalde institusjonar i u-land – fekk universitetet i 2001 innvilga 13 søknader med ei total ramme på 73,5 millioner kroner.

Målet er at global- og utviklingsrelatert forskning framleis skal vere eit tyngdepunkt i den faglege verksemda ved universitetet.

I 2001 fekk Universitetet i Bergen også eige kontor og møtelokale hos ein av sine viktigaste samarbeidspartnarar, Makerere-universitetet i Uganda.

Satsinga innanfor funksjonell genomforskning (FUGE) og Sentre for framifrå forskning (SFF) har høg prioritet ved UiB. Av 40 prosjekt som i 2001 vart kvalifisert til å delta i den andre og endelege søknadsrunden om å bli eit Senter for framifrå forskning, deltek Universitetet i Bergen med 9 søknader. I tillegg deltek forskarar ved universitetet i eit samarbeidsprosjekt med Stiftelsen for samfunns- og næringslivsforskning (SNF) og Norges Handelshøyskole, der universitetet leiar den eine delen av det planlagde sentret.

Den endelege behandlinga av søknadene er venta å finne stad i juni 2002.

1.4. Kunnskapsbasert nyskaping

Kommersialisering av forskingsresultat er ein del av universitetet si formidlingsoppgåve. Fornyng og verdiskaping i samfunns- og næringsliv er avhengig av den spisskompetansen som finst i våre forskingsmiljø. For å styrke denne kompetanseoverføringa vedtok universitetet i 2001 ein "Strategi for auka kunnskapsbasert nyskaping".

Forskningsstiftinga UNIFOB er universitetet sin viktigaste reiskap for å auke den eksternt finansierte verksemda ved Universitetet og for å fremje nyskaping gjennom kommersialisering av forskingsresultat og kunnskapsbasert næringsutvikling. I ein gjennomgang av universitetet si randsoner i 2001 vart det konkludert med at UNIFOB var ein vellykka reiskap for institusjonen, og "ved omdanning av stiftelsen til et aksjeselskap med UiB som majoritetseier vil universitetet kunne legge den overordnede strategien for Unifob."

1.5. Nokre hovudtal

Tabell 1.1 syner nokre hovudtal for Universitetet i Bergen for 2001.

Tabell 1.1 Hovudtal for Universitetet i Bergen 2001

| | 1997 | 1998 | 1999 | 2000 | 2001 | Kommentar |
|----------------------|---------|---------|---------|---------|---------|--|
| Studentar | 17 243 | 16 904 | 16 815 | 16 937 | 17 205 | Studentar med og utan studierett |
| Omsetjing (i mill.) | | | | | | |
| Ordinær verksemd | 1146,9 | 1201,5 | 1287,4 | 1345,3 | 1365,3 | Målt i utgifter 1997-2000, 2001 målt etter inntekter |
| Oppdragsverksemd | 326,1 | 340,1 | 371,6 | 392,0 | 395,9* | Målt i utgifter 1997-2000, 2001 målt etter inntekter |
| Årsverk pr. 30.9. | | | | | | |
| Ordinær verksemd | 2 100,9 | 2 122,2 | 2 142,1 | 2 155,2 | 2 173,1 | Alle type stillingar, også bistillingar |
| Oppdragsverksemd | 320,6 | 346,4 | 421,4 | 430,0 | 456,5 | Oppdragsstillingar |

* Av dette utgjer 34,4 mill. inntekter som ikkje er knytt til oppdragsverksemd.

Tabell 1.1 syner at talet på studentar har vore jamt i perioden. Omsetninga og talet på tilsette har vore svakt aukande både når det gjeld ordinær verksemd og oppdragsverksemd.

2. Ressursar

2.1. Rekneskap 2001

Tabell 2.1 gjer eit oversyn over resultatrekneskapen ved Universitetet i 2001.

Tabell 2.1 Resultatrekneskap 2001 (tal i 1000)

| Driftsinntekter | Rekneskap 2001 |
|-------------------------------------|-------------------|
| Frå UDF | -1 365 338 |
| Frå andre dep. | -1 146 |
| Andre inntekter* | -641 877 |
| Sum driftsinntekter | -2 008 361 |
| Lønskostnader | |
| Bruttoløn | 1 186 109 |
| Refusjonar knytt til løn | -42 088 |
| Sosiale kostnader | 1 254 |
| Sum lønskostnader | 1 145 275 |
| Andre driftskostnader | |
| Kostnader knytt til lokal og utstyr | 277 135 |
| Kjøp av konsulenttenester | 49 590 |
| Andre kontorkostnader | 56 738 |
| Reiser, diett med meir | 99 895 |
| Andre driftskostnader | 256 114 |
| Tap på krav | 1 008 |
| Sum andre driftskostnader | 740 480 |
| Finansielle postar | 547 |
| Ekstraordinære postar | -6 880 |
| Investeringar | 79 805 |
| Årsresultat | -19 698 |

* Av dette utgjer kroner 247,1 mill aktivitet ved SIU.

Rekneskapen for 2001 vart for første gang avlagt med utgangspunkt i vedtak om overgang til Post 50-verksemd. Dette inneber m.a. at universiteta er fritekne for føring av internrekneskap etter kontantprinsippet.

Universitetet i Bergen nytta det såkalla "anordningsprinsippet" som rekneskapsprinsipp for første gong i 2001. Det har ikkje vore praktisk mogleg å praktisere dette prinsippet på alle område for dette året; men i tida som kjem, vil rekneskapsrutinane bli utvikla vidare, slik at rekneskapen vil gje eit betre samsvar med anordningsprinsippet.

Tabell 2.1 syner eit overskot på vel 19 mill kroner for 2001.

3. Resultat

3.1. Undervisning, læring og arbeidsmiljø

Ved Universitetet i Bergen vart det hausten 2001 registrert i alt 17.205 studentar, inkludert 229 studentar utan studierett

Tabell 3.1 Registrerte studentar hausten 2001

| | Lav. Grad Kv. | Lav. Grad tot. | Prof. Kv. | Prof. Totalt | Vid utd. kv. | Vid. Utd. Tot. | Ma. grad. Kv. | Ma. grad. Tot. | H. fag kv. | H. fag totalt | Dr. grad kv. | Dr. grad totalt | Uspes kv. | Uspes totalt | Sum kv. | Sum totalt |
|-----------------|---------------|----------------|-----------|--------------|--------------|----------------|---------------|----------------|------------|---------------|--------------|-----------------|-----------|--------------|---------|------------|
| Med studierett | 5 575 | 9 582 | 1 766 | 3 073 | 349 | 503 | 96 | 196 | 1 439 | 2 666 | 336 | 816 | 55 | 85 | 9 616 | 16 921 |
| Utan studierett | 113 | 171 | 17 | 34 | | | 0 | 1 | 1 | 2 | 7 | 15 | 1 | 2 | 141 | 229 |
| Andre | 33 | 55 | | | | | | | | | | | | | | |
| Sum | 5 721 | 9 808 | 1 785 | 3 111 | 349 | 503 | 96 | 197 | 1 440 | 2 668 | 343 | 831 | 56 | 87 | 9 790 | 17 205 |

Studentregistreringa viser at talet på nye studentar held seg relativt stabilt. I 2000 var det 5393 førstegongsregistrerte, medan talet i 2001 var på 5589.

3.2. Hovudfags- og doktorgradskandidatar


Etter ei opprydding i registreringa av doktorgradsstudentar, har talet på registrerte studentar gått ned frå 1033 hausten 2000 til 816 hausten 2001.

I 2001 vart 691 kandidatar uteksaminerte innan hovudfag og mastergrad. Det er ei auke på 36 frå 2000. Av det samla talet på kandidatar på høgre nivå er 62 mastergradar. Disse er i hovudsak avlagt av studentar frå utviklingsland og Aust-Europa, som finansierer sitt opphald gjennom Lånekassa sitt kvoteprogram.

Ei samla oversikt over talet på kandidatar i perioden 1992- 2001 er gjeven i tabell 3.2. I følge tabellen er talet på uteksaminerte kandidatar til høgre grad og kandidatar i profesjonsutdanninga det høgste som er registrert i perioden.

Det disputerte 125 doktorandar i 2001. Dette var 11 fleire enn i 2000. Tabell 3.2 syner talet på kandidatar samanlikna med tidlegare år.

Tabell 3.2 Uteksaminerte kandidatar i perioden 1992- 2001




3.3. Avlagde vekttal i 2001

I 2001 vart det satsa særleg på studentane sitt første semester. Resultata har vore lovande: Delar av studentane ved ex.phil. har vore gjennom eit eige opplegg med tettare oppfølging, nye vurderingsformer og med klare arbeidskrav gjennom heile semestret. Dette viste seg vellukka: Hausten 2001 var det berre ein av 452 kandidatar som tok ex.phil. etter den nye såkalla seminarordninga, som strauk til eksamen. Til samanlikning strauk heile 41 prosent av dei som møtte fram etter gamal ordning.

Også andre fagmiljø hadde oppmuntrande resultat i 2001.

Tabell 3.3 Avlagde vekttal 1993- 2001



Tabell 3.3 gjev ei oversikt over talet på totalt avlagde vekttal ved Universitetet i perioden 1993-2001. Etter ein periode med nedgang har talet på avlagde vekttal vore i vekst sidan 1999.

Den auka vektalsproduksjonen frå 2000 til 2001 har og ført til at Universitetet har avlagt fleire vekttal enn kravet frå Utdanning- og forskingsdepartementet tilseier.

Ei samanlikning mellom oppnådde vekttal og departementet sitt krav er gjeven i tabell 3.4.

Tabell 3.4 Resultatoppnåing 2001*

| Studium | Lavere grad | | | Profesjonsfag | | | Hovudfag/mastergrad | | | Doktorgrad | | |
|----------------|-------------|----------|---------|---------------|----------|---------|---------------------|----------|---------|------------|----------|---------|
| | Krav | Resultat | Res.gr. | Krav | Resultat | Res.gr. | Krav | Resultat | Res.gr. | Krav | Resultat | Res.gr. |
| Medisin | 25 | 34 | 135 % | 120 | 107 | 89 % | 30 | 69 | 230 % | 18 | 38 | 211 % |
| Odontologi | 15 | 0 | 0 % | 42 | 55 | 131 % | 6 | 5 | 83 % | 4 | 2 | 50 % |
| Realfag | 860 | 788 | 92 % | | | | 215 | 215 | 100 % | 50 | 47 | 94 % |
| Hist.-fil. fag | 1 650 | 1 778 | 108 % | | | | 215 | 221 | 103 % | 15 | 19 | 127 % |
| Samfunnsfag | 1 200 | 1 185 | 99 % | | | | 200 | 178 | 89 % | 15 | 9 | 60 % |
| Psykologi | 510 | 838 | 164 % | 60 | 57 | 95 % | 5 | 3 | 60 % | 8 | 8 | 100 % |
| Prakt.ped. | 160 | 132 | 83 % | | | | | | | | | |
| Jus (1.avd./Of | 320 | 372 | 116 % | 170 | 195 | 115 % | | | | 1 | 2 | 200 % |
| Ex. Phil. | 400 | 411 | 103 % | | | | | | | | | |
| Sum | 5 140 | 5 538 | 108 % | 392 | 414 | 106 % | 671 | 691 | 103 % | 111 | 125 | 113 % |

* På lågare grad er det oppgjeve nye vekttal avlagde av ordinære studentar.

Tala for hovudfag/mastergrad, profesjonsfag og doktorgrad gjeld uteksaminerte kandidatar.

På lågare grad utgjorde dei avlagde årseiningane 108% av krava frå Departementet. Det var i første rekkje produksjonen innanfor psykologi som gjorde at resultatet kom over kravet. Innan profesjonsfaga ligg resultatata 6% over Departementet sitt krav. Resultata varierer frå ei måloppnåing på 89% ved Det medisinske fakultet til 115% ved Det juridiske fakultet.

På hovudfag- og mastergradsnivå oppnådde universitetet eit resultat på 102% av kravet. Tal på disputerte doktorandar ligg 8% over kravet. Det medisinske fakultet gjorde det særleg godt med eit resultat på 38 disputasar i 2001 mot eit krav på 18.

3.4. Arbeids- og læringsmiljø

Universitetet samarbeidar med Studentsamskipnaden i Bergen om tiltak for å betre det fysiske lærings- og velferdsmiljøet. Det vert lagt vekt på tiltak som kan gje betre studentvelferd. Ei vidareføring av dette vil også kunne omfatte tiltak frå vertskommunen. Ei hovudsak for å betre studentane sitt lærings- og velferdsmiljø, er bygging av eit nytt studentsenter. Saman med Studentsamskipnaden la Universitetet i 2001 ned mykje arbeid for å få styresmaktene til å reise eit nytt studentsenter i Bergen.

I februar 2001 sette Samskipnaden i drift eit nytt treningsanlegg som Universitetet har gjeve stønad til. Treningsanlegget vart utvida alt i oktober 2001.

Universitetet i Bergen uttrykte ved fleire viktige høve andsynes lokale og nasjonale styresmakter kor naudsynt det er å få ei rask auke av tilbodet på bustader for studentane i Bergen.

3.5. Funksjonshemma studentar

Tiltak for tilrettelegging for funksjonshemma studentar er nedteikna i ein eigen "Handlingsplan for funksjonshemma studentar 2000- 2004." Som oppfølging av denne planen er det oppretta egne kontaktpersonar for funksjonshemma studentar ved alle fakulteta.

I 2001 byrja eit samarbeidsprosjekt med Eikelund kompetansesenter for studentar med skrive- og lesevanskar. I løpet av 2001 har konsulenttenesta for funksjonshemma studentar tilvist 17 studentar til Eikelund kompetansesenter ut frå denne avtalen.



3.6. Nye studium

I 2001 er det starta 3 nye hovudfagsstudium innanfor humanistisk informatikk, prosess teknologi og akvakultur. I tillegg er det oppretta ei rekkje nye tilbod/emne på lågare grad, til saman 63, i hovudsak ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet. Dei nye tilboda har samanheng med endringar i studieplanar og vart følgd av tilsvarande nedlegging av tilbod.

3.7. Etter- og vidareutdanning

Senter for etter- og vidareutdanning er ei eining under Forskings- og utdanningsavdelinga. Sentret er eit ressurscenter som yter bistand til fakulteta i utviklinga og gjennomføringa av etter- og vidareutdanning. Finansieringa av tilboda er firedelt: ei sentral universitetsavsetjing, bidrag frå fakulteta, prosjektstøtte frå eksterne og eigenbetaling frå studentane/deltakarne.

Vel 860 studentar har teke vidareutdanning ved universitetet i 2001 fordelt på 32 tilbod som omfattar til saman 680 vektal. Vidare deltok omlag 2300 personar i ulike etterutdanningstilbod. Vel 360 av desse deltok i etterutdanningskurs for lærarar i skoleverket. Fagleg-pedagogisk dag i februar 2001 samla over 1 000 deltakarar.

Det vart avlagt 244 vektalsetningar innanfor vidareutdanning i 2001, noko som er ei auke på 91 frå 2000.

3.8. Strategiske prioriteringar

Dei siste åra har universitetet hatt eit sentralt strategisk budsjett for forskning. I 2001 var budsjettet på 13,5 mill. kroner og vart fordelt på følgjande tiltak:

| | |
|-------------------------------------|-----------|
| Marin forskning | 2.150.000 |
| IKT forskning | 2.600.000 |
| Helse- og velferdsforskning | 750.000 |
| Utviklingsforskning | 1.000.000 |
| LOS- forskning | 2.000.000 |
| Kvinne- og kjønnsforskning | 1.750.000 |
| Rekruttering og kompetanseutvikling | 750.000 |
| Kvalitetsutvikling | 1.500.000 |
| Utan øyremerking | 1.000.000 |

3.9. Vitskaplege publikasjonar

Talet på vitskaplege publikasjonar totalt låg i 2001 på om lag same nivå som året før. Det er likevel grunn til å merkje seg den store prosentvise auken i publikasjonar for stipendiatar/ forskingspersonale i kategorien "Artiklar i internasjonale vitskaplege tidsskrift" (auke frå 243 i 2000 til 389 i 2001). Auken kan sjåast i samanheng med opprettinga av nye stipendiatstillingar og vekst i ekstern verksemd dei siste åra.

Tabell 3.5 Vitskaplege publikasjonar 2001

| Fakultet/ avdeling | Art. i tidsskr. int.nasj. med referee | Art. i tidsskr. nasjonal med referee | Faglege bøker/ lærebøk. | Kap. i fag- bøker/ lærebøk. | Andre vitsk. rapp. ved inst. | Andre vitsk. rapp. utenfor inst. | Foredrag ved vitensk. konferanser | Art. i tidsskr. int.nasj. uten referee | Art. i tidsskr nasjonal uten referee |
|-----------------------|---|--|-------------------------------|-----------------------------------|------------------------------------|--|---|--|--|
| Hist.fil. | 50 | 15 | 54 | 146 | 1 | 2 | 176 | 24 | 16 |
| Juridisk | 0 | 9 | 4 | 6 | 0 | 4 | 5 | 3 | 3 |
| Mat.nat. | 465 | 2 | 8 | 26 | 49 | 41 | 337 | 15 | 3 |
| Medisin | 568 | 91 | 17 | 57 | 2 | 6 | 217 | 21 | 18 |
| Odontologi | 41 | 7 | 1 | 6 | 0 | 0 | 4 | 2 | 2 |
| Psykologi | 68 | 10 | 11 | 17 | 8 | 10 | 113 | 8 | 1 |
| Samf.vit | 65 | 22 | 30 | 108 | 80 | 39 | 200 | 16 | 14 |
| Andre | 37 | 0 | 0 | 5 | 1 | 2 | 1039 | 2 | 1 |
| Sum* | 1259 | 152 | 123 | 371 | 139 | 103 | 1023 | 91 | 58 |

*Sum korrigerert for dubleringar, det vil seie publikasjonar registrerte ved fleire fakultet

3.10. Samarbeid med Statens utdanningskontor

Kontakt med Statens utdanningskontor inngår som del av universitetet si ordinære verksemd. I 2001 har samarbeidet vore knytt til bl.a. PPT- tenesta, vitnemål frå vidaregåande skule, studentopptak og vaksenopplæring.

3.11 Nettverk Vidareutdanning i Bergen

Prosjektet Nettverk Vidareutdanning i Bergen (NVB) er basert på ein samarbeidsavtale mellom Høgskolen i Bergen, Norges Handelshøyskole og Universitetet i Bergen.

Nettverket utviklar utdanningstilbod som berre er mogeleg gjennom fagleg samarbeid på tvers av dei tre institusjonane. Ikkje minst opnar samarbeidet for tverrfaglege prosjekt som gjer det mogeleg å kombinere fag på måtar som er særigne for Nettverket.

Det er eit mål å gjere utdanningstilboda fleksible og meir tilgjengelege gjennom bruk av fjernundervisning og nettbasert kommunikasjon, både mellom deltakarane og mellom førelesar og deltakar.

Utdanningstilboda vil bestå både av:

- vidareutdanning som fører fram til eksamen, og som gjer formell kompetanse
- etterutdanningstilbod som gir reell kompetanse som ikkje krev eigen eksamen

Prosjektet ble evaluert i 2001 og evalueringsrapporten rådde at samarbeidet held fram, men at forma må vurderast nøgnare.

3.12. Norgesnett

Samarbeidet mellom Universitetet i Bergen og høgskulane på Sør- og Vestlandet heldt fram i 2001, og vil bli ført vidare gjennom den revitaliserte og reorganiserte samarbeidsavtalen under Vestnorsk Nettverk. Samarbeidet tek utgangspunkt i dei spesielle utfordringane ein står ovanfor i landsdelen, og på dei områda der institusjonane ser føremoner med å opptre samla i høve til ulike aktørar både innan forvaltning og offentleg og privat næringsliv. Nettverket vil konsentrere samarbeidet innanfor helsefagutdanning, lærarutdanning og ingeniørutdanning. For Universitetet i Bergen sin del vil det spesielt bli satsa på å gje utdanningstilbod innanfor forskarutdanning for å medverke til kompetanseheving ved høgskulane på dette området. Det er sett ned eit eige styre med representantar for alle dei deltakande institusjonane som vil utarbeide faglege opplegg og iverksette gjennomføring av undervisningstilbod. Universitetet har 11 såkalla Norgesnett-stipend som alle vil bli lyst ut innanfor Vestnorsk Nettverk, og det er no laga nærare retningslinjer for bruken av desse Norgesnettstipenda - med målsetting å ta omsyn til høgskulane sitt kompetansebehov, ta høgde for ei rettferdig fordeling av stipendiatstillingane og ivareta den nødvendige kvalitetssikringa av denne utdanninga.

3.13. Entreprenørskap

Universitetet medverkar til næringsutvikling og nyskaping på mange vis, m.a. ved den kunnskapsoverføring som skjer via oppdragsforskning og ved å utdanne kvalifiserte kandidatar til samfunns- og næringsliv. Universitetet deltar også i ei rekkje konkrete tiltak som er med på å stimulere til innovasjon og nyskaping.

Gjennom deltaking i FORNY-programmet har universitetsforskarar vist at deira kompetanse har eit stort potensiale for verdiskaping. Programmet er eit samarbeid mellom Noregs forskingsråd og Statens nærings- og distriktsutbyggingsfond (SND) og har som føremål å kommersialisere forskingsresultat frå universitets- og høgskulesektoren. FORNY -programmet føreset at dei forskingsutførande institusjonane forpliktar seg til å ta arbeidet med kommersialisering og nyskaping inn i sine planar for verksemda og gjere kommersialisering meriterande for forskarane. Vidare forventar ein at institusjonane som lekk i kompetanse-hevande tiltak tilbyr studentar og tilsette kurs i entreprenørskap. Som ei oppfølging av dette har det våren 2001 vore gjennomført eit 2 vektfulls studium for doktorgradsstipendiatar frå Det matematisk- naturvitenskaplege fakultet. Planen er å vidareutvikle tilbodet.

Ei evaluering av FORNY-programmet i 2001 viste at programmet var vellukka, og at FORNY-Vest (med deltaking frå Rogalandforskning, CMR a.s. og Unifob/UiB) hadde den største verdiskapinga av delprogramma.

Universitetet i Bergen har i år for første gang delteke med 6 studentar i den såkalla "Gründerskolen", eit nasjonalt tilrettelagt 10 vektta studium i entreprenørskap. Tilbakemeldinga frå dei 6 studentane var særskild positiv.

Saman med dei andre universiteta deltek Universitetet i Bergen i Venture Cup, som er ei tevling om gode forretningsplanar. Røynslene har vist at det er interesse, ikkje minst blant studentane, for eit tilbod innan forretningsutvikling og firmaetablering.

Gjennom UNIFOB har universitetet saman med Høgteknologisentret i Bergen skipa ForInnova as for å kunne tilby tilsette og studentar eit profesjonelt kommersialiseringselskap for forskingsbaserte idéar. ForInnova as inngår no i det nystifta Sarsia Innovation as der UiB gjennom UNIFOB og Meltzer-fondet rår over 38 % av aksjekapitalen, jfr. punkt 6.1.

Desse tiltaka syner at universitetet tek del i arbeidet med å auke kunnskapsbasert nyskaping. Universitetet i Bergen ønskjer å vise at organisasjonen er medviten om si rolle som aktiv kunnskapsleverandør til regional og nasjonal næringsutvikling. I desember 2001 vedtok Kollegiet såleis at kunnskapsbasert nyskaping skulle innarbeidast i universitetet sine sentrale strategiske planar.

3.14.Evaluering av Universitetet i Bergen

Evalueringa av Universitetet i Bergen tok til hausten 2000 etter oppdrag frå det dåverande Kyrkje-, utdanning- og forskingsdepartementet. Norgesnettrådet fekk ansvaret for den praktiske gjennomføringa. Evalueringa var ihopsett av to hovuddelar: Ei sjølvevaluering frå universitetet, som vart lagt fram i juni 2001, og ei ekstern evaluering som vart lagt fram i desember 2001. I samanheng med evalueringa gjennomførte universitetet ei saumfaring av instituttstyrararrolla, som vart presentert for alle instituttstyrarane i januar 2001.

I rapporten frå den eksterne nemnda vart det peika på at institusjonen står overfor ei stor utfordring når det gjeld undervisning på lågare grad. Nemnda rådde til at universitetet snarast må få på plass incentivordningar for alternativ og god undervisning, og at det burde gjerast ei særleg satsing på undervisninga til lågare grad gjennom eit eige prosjekt der fagmiljøa ved universitetet fekk ei framskoten rolle.

Nemnda peika på trongen til sterkare fagleg leiing, noko universitet sin eigen "Handlingsplan for fagleg profilering" også hadde lagt vekt på. Det inneber at fagleg leiing og spørsmål om leiarskap ved institusjonen på dei ulike nivåa vert viktig utfordringar framover.

Slik nemnda såg det, burde institusjonen ta betre vare på Bergen Museum; og det burde takast initiativ til ny innsats på formidlingsfeltet.

Nemnda hadde òg fått inntrykk av at Universitetet i Bergen, sett utanfrå, ikkje vart oppfatta som utprega omstillingsdyktig. På bakgrunn av dette meinte nemnda at Kollegiet si rolle som strategisk organ burde framhevast og prioriterast. Universitetet burde også leggje seg etter ei tydelegare deling av ansvar og ei klårare desentralisering av mynde til fakultet og institutt.

Eit viktig element i evalueringa var det såkalla Studentbarometer 2001, som oppsummerte studentane sine oppfatningar av Universitetet i Bergen. På ein skilte punkt vart det svarta klart at dei ikkje var nøgde; men i eit avsluttande spørsmål var det berre 3% som rådde andre frå å studere ved institusjonen, medan 80% sa at dei ville tilrå Universitetet i Bergen som studiestad.

Det er vedteke å føre vidare ordninga med studentbarometer som ein viktig reiskap for å samanfatte dei meiningar som studentar har om institusjonen på sentrale område.

4. Internasjonalisering

Ved Universitetet i Bergen har internasjonalt samarbeid eit stort omfang. Universitetet er ein stor operatør i NUFU-programmet, eit program for kompetanseutvikling gjennom institusjonelt samarbeid med utvalde institusjonar i u-land. I NUFU III fekk universitetet innvilga 13 søknader med ei total ramme på kroner 73,5 millionar. NUFU, NORAD og EU sine forskingsprogram har i 90-åra gjeve fagmiljøa ved universitetet prosjektinntekter på i alt om lag 55 mill. kroner kvart år.

I EU-forskinga held Universitetet i Bergen i hevd ein sterk posisjon, spesielt innanfor marine fag og miljøfag, og i særleg høg grad innanfor mobilitetsprogramma for yngre forskarar. I 2001 slutta Universitetet i Bergen 46 nye kontraktar med EU-kommisjonen. Totalt har universitetet no 80 kontraktar under det 5. rammeprogrammet. Ved utgangen av 2001 hadde universitetet totalt fått innvilga meir enn 50 prosjekt i dette rammeprogrammet med ein portefølje for Universitetet i Bergen på om lag 100 millionar kroner.

I tillegg til ei rekkje forskingsprosjekt har Universitetet i Bergen satsa på prosjekt som gjer det mogleg å ta imot utanlandske gjesteforskarar. I 2001 fekk universitetet fire nye kontraktar for Marie Curie Training Sites (MCTS). Totalt har universitetet hittil fått innvilga 13 slike MCTS. I tillegg deltar universitetet i to kontraktar som vert administrerte av respektiv UNIS og Vrije Universiteit, Amsterdam. Gjennom Marie Curie Training Sites kan doktorgrads-studentar i EU-land søkje om opphald i 3-12 mnd for å ta delar av sin PhD-grad ved Universitetet i Bergen. Gjennom desse "Training Sites" vil Universitetet i Bergen motta om lag 40 gjestestudentar årleg for perioden 2001-2004. I tillegg har Universitetet fått innvilga ein ny kontrakt for ein "Research Infrastructure", The Wittgenstein Archives in Bergen – WAB. Dette var første gong i Europa at eit humanistisk fagområde fekk denne nemninga.

I alt har Universitetet i Bergen 3 slike kontraktar for mottak av europeiske gjesteforskarar. Desse tre vil til saman årleg gje om lag 90 forskarar i EU/EØS-området høve til opphald ved Universitetet i Bergen dei neste tre åra.

I 2001 hadde UiB totalt 52 bilaterale avtalar som omfattar ulike former for forskar- og studentutveksling. 13 av desse vart avslutta i 2001. Dei bilaterale avtalane kjem i tillegg til avtalar om studentutveksling gjennom Sokrates-programmet og avtalane om MCTS og Research Infrastructures.

Tabell 4.1 gjev ei oversikt over vitenskaplege tilsette sin bruk av utvekslingsavtalar for vitenskapleg personale.

Tabell 4.1 Mobilitet vitenskapleg personale 2001

| | Antall | | Antall kvinner | |
|---------------------------|--------|-----|----------------|----|
| | Inn | Ut | Inn | Ut |
| Leonardo da Vinci | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sokrates/ Erasmus | 8 | 6 | 1 | 1 |
| Nordplus | 1 | 1 | 0 | 0 |
| NUFU | 19 | 19 | 3 | 6 |
| NorFa | 4 | 8 | 2 | 1 |
| NORAD | 10 | 6 | 2 | 1 |
| Bilateral/ 5 rammeprogram | 85 | 15 | 22 | 3 |
| Andre | 58 | 107 | 12 | 22 |
| SUM | 185 | 162 | 42 | 34 |

Omfanget av studentutveksling i 2001 er gjeve i tabell 4.2.

Tabell 4.2 Studentutveksling 2001*

| | Antall totalt | | Antall Kvinner | |
|----------------------|---------------|-----|----------------|-----|
| | Inn | Ut | Inn | Ut |
| Erasmus/Sokrates | 112 | 135 | 66 | 79 |
| Bilateral | 42 | 38 | 17 | 23 |
| NORAD | 16 | 0 | 3 | 0 |
| Nordplus | 23 | 34 | 18 | 25 |
| NUFU | 4 | 2 | 1 | 2 |
| Kvoteprogrammet | 43 | 0 | 21 | 0 |
| Øst-Europaprogrammet | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Andre program | 138 | 121 | 63 | 65 |
| SUM | 379 | 331 | 190 | 195 |

* Med 'studentutveksling' forstår vi her talet på avslutta opphald i 2001 med ei lengd på meir enn 3 månader.

Totalt sett er det skjedd ein nedgang i talet på utvekslingsstudentar frå 2000 til 2001. Nedgangen gjeld både studentar til og frå universitetet og er størst innan Erasmus/Sokrates nettverket.

5. Formidling

Universitetet i Bergen har alltid lagt stor vekt på formidling av forskning, på kunnskaps- rådgjeving og på deling av kunnskap med andre i ulike samanhengar både innan privat og offentleg sektor. I dei seinare åra har universitetet ei meir omfattande og direkte samhandling med samfunnet, basert på den faglege kompetansen ved institusjonen.

Også i 2001 bar Universitetet i Bergen fram eit omfattande formidlingsarbeid; og både i tradisjonell og utvida forstand av verksemda var det forskarane som stod for den viktigaste formidlinga. Forskingsresultat vart m. a. formidla gjennom:

- deltaking i nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt, faglege utval, nemndarbeid mv
- publikasjonar
- populærvitskaplege foredrag og artiklar
- deltaking i samfunnsdebatt i media
- kommersialisering av forskingsresultat

Kommersialisering av forskingsresultat er ein del av Universitetet si formidlingsoppgåve. Universitetet er slik sett ein sentral aktør i det nasjonale innovasjonssystemet; og nyskaping er ein integrert del av institusjonen si verksemd. Universitetet i Bergen har derfor vedteke ein strategi for auka kunnskapsbasert nyskaping som har som mål å gjere universitetet til ein aktiv bidragsytar i regional og nasjonal næringsutvikling.

Bergen museum (BM) og Universitetets mediesenter (UMS) er også sentrale aktørar i formidlingsverksemda til universitetet.

5.1. Museumsverksemda

Bergen Museum sine samlingar for ålmenta er dei siste åra blitt utstyrt med video-overvaking, og det er installert nytt alarmsystem i begge museumsbygningane. Det er også teke i bruk eit nytt magasin for bygningsmateriale som høyrer til Mellomaldersamlinga og for det forstbotaniske materiale ved Dei naturhistoriske samlingane. Magasina er innreidd i fjellhallar som er overtekne frå Sivilforsvaret.

Etter innflyttinga i dei nye Arkus- magasina på Midtun, er heile museet si fiskesamling gjennomgått, og ein tilvekst på fisk på over 900 nummer er registrert. Heile museet si spritfikserte samling av fisk og pattedyr vart i 2001 ferdig registrert i databasar.

Museumsprosjektet blei stort sett ferdig med registreringa av museet si samling av lågare plantar, og innlesinga av samlinga av høgre plantar starta hausten 2001. Ein vart og ferdig med innlesinga av den spritfikserte insektsamlinga (ca. 50.000 objekt), og kom godt i gang med registreringa av tørrsamlinga av insekt. Innlesinga av samlinga av melketenner frå born frå forskjellige land vart også ferdig i 2001.

Innanfor det kulturhistoriske fagområdet har hovudaktiviteten vore konsentrert om digitalisering av fotoarkivet, samt førebuande arbeid for utviklinga av ein sams gjenstandsdatabase for arkeologisk materiale og konvertering av arkeologisk litteratur.

Publikumsbesøket i 2001 var 42.116 i egne lokal, ein nedgang på 8,5% frå år 2000. Svikten i besøkstala var størst ved Dei naturhistoriske samlingane. I 2001 vart det oppretta eit nytt utstillingstilbod, ein utstilling av muséets mumiar og etnografika, som stammar frå egyptiske kongegravar.

Trass ein relativt stor nedgang i publikumstala var det ein klar auke i talet på omvisingar.

Tabell 5.1 Muséet sine samlingar 2001

| | 2000 | 2001 |
|--|-------|---------|
| Planlegging og produksjon av permanente utstillingar | 2 | 10 |
| Planlegging og produksjon av skiftende utstillingar | 26 | 22 |
| Omvisingar | 98 | 353 |
| Besøkende ved utstillingar og omvisingar | 46035 | 42 116 |
| Aksesjonar - nummer | 16337 | 41 060 |
| Aksesjonar - gjenstandar, objekt | 4494 | 21 909 |
| Katalogisering/dokumentasjon | 80221 | 136 258 |
| Innlån/utlån | 13824 | 6 176 |
| Feltarbeid (synfaring, utgravingar, m.v.) | 158 | 108 |
| Feltrapportering | 18 | 17 |

I forhold til 2000 er det skjedd ein stor auke i talet på aksesjonar. Årsaka til dette er at store delar av året 2000 gjekk med til flytting av samlingane til Arkus magasina på Midtun. Talet på innlån/utlån er halvert frå 2000 til 2001.

5.2. Tidsskrift

Bergen Museum gjev ut "Bergen museums skrifter" og "Årboka for Bergen museum". I tillegg vert tidsskrifta "Unimus" og "Arkeo" gjevne ut av museet. Det populærvitskaplege tidsskriftet "Naturen" har sitt hovudgrunnlag i verksemda ved Universitetet i Bergen. Informasjonsavdelinga gjev ut "UiB-Magasinet", som kom ut med 6 nummer i 2001.

5.3. Populærvitskapleg verksemd

Universitetet sitt Mediesenter (UMS) har ei viktig rolle i populærvitskapleg formidling. UMS/Univisjon samarbeider med NRK om levering av program. Eksempel på slikt samarbeid er programmet "Om Golfstrømmen skulle stanse", som blei sendt 1. mars 2001. Univisjon har under

produksjon eit program med tittelen "Decoding the Icelanders - a modern Viking Saga". Programmet vert laga i både norsk og engelsk versjon, og lansert gjennom NRK Aktivum med tanke på vising i andre europeiske land og USA. Unisjjon leverer også enkeltstående reportasjar til redaksjonen bak NRK-programmet "Schrødingers katt."

Unisjjon og NRK Hordaland har ved fleire høve hatt eit nært samarbeid. TV-dokumentaren "Grottemannen" er nettopp ferdig og vert marknadsført gjennom NRK Aktivum med tanke på sal til utanlandske tv-stasjonar. Den er til no seld til finsk fjernsyn. Dokumentarfilmen "Utenfra, men hjemme" handsamar innvandring til Noreg gjennom 1000 år. Filmen tek utgangspunkt i forskingsprosjektet Norsk innvandringshistorie.

Programserien "Barndommens rike" vart sendt på NRK i januar 2002 med gode sjåartal.

6. Eksternt finansiert verksemd

Omfanget av den eksternt finansierte verksemda ved Universitetet i Bergen, rekneskapsført ved eigen institusjon, var i 2001 361,5 millioner kroner. Dette er om lag 30 mill. lågare enn i 2000, noko som skuldast at det er korrigert for intern handel i 2001. Reelt sett hadde universitetet ein volumauke på ca. 3% frå 2000. Tabell 6.1 gjev eit oversyn over inntekter fordelt på oppdragsjevar.

Tabell 6.1 Eksternt finansiert verksemd ved UiB i 2001 (tall i 1000)

| | Brutto oppdr.- inntekt totalt | Bruttoinntekt pr. oppdragsjevar | | | | | | | |
|-------------------------|-------------------------------|---------------------------------|----------------------|---------|------------------|--------------------------|--------|--------------|------------|
| | | Statlege etatar | Kommuner/ fylkeskom. | NFR | Organisa- sjonar | Nær.liv/ private (Norge) | EU | Andre utland | Stiftingar |
| Sum oppdrag og prosjekt | 361 488 | 93 732 | 8 716 | 149 271 | 1 826 | 60 018 | 23 724 | 9 781 | 14 420 |

Samla volum for omsetninga i forskingsstiftinga UNIFOB for 2001 var om lag 220 mill. kroner.

Det odontologiske og Det psykologiske fakultet tek i mot pasientar i eigne klinikkar som ein lekk i utdanninga av tannlegar og psykologar. Omfanget av denne verksemda er synt i tabell 6.2.

Tabell 6.2 Klinikkerksemd 2001

| Verksemd | Inntekt |
|-----------------------------|------------|
| Pasientar | 17 327 |
| Konsultasjonar/behandlinger | 61 329 |
| Pasientinntekter | 10 455 316 |

6.1. Randsoneinstitusjonar

Samfunnet sine krav og forventningar til universitetet er annleis enn tidlegare. Universitetet har difor i eit par tiår vore oppteke av å etablere reiskap for å ivareta sine oppgåver som samfunnsaktør; og det har etter kvart vakse fram ei lang rekkje institusjonar, selskap, stiftingar og samarbeidsrelasjonar som til saman utgjer randsona til universitetet.

Havbruksnæringa er ei raskt veksande næring med stort utviklingspotensiale. Næringa er kunnskapsintensiv og den største kunnskapsbasen for sektoren finst i Bergen. Det har derfor vore viktig for dei tre marine forskingsinstitusjonane i byen å tilby næringa denne kompetansen. Dette er bakgrunnen for etableringa i 2001 av aksjeselskapet Protevs, med 33 % eigarinteresse ved Havforskningsinstituttet og Ernæringsinstituttet, og 34 % ved Universitetet. Selskapet vil vere operativt i 2002.

UNIFOB er forskingsstiftinga til universitetet og den sentrale institusjonen i universitetet si randzone. UNIFOB har i monaleg grad lykkast i å auke omfanget av den eksternt finansierte verksemda ved universitetet, særleg ved skiping av sjølvstendige forskingsmiljø og sentre. Eksempel på denne type verksemd er Senter for virologi, Senter for barne- og ungdomspsykiatri, Medisinsk fødselsregister og Humanistisk informasjonsteknologi.

Samla har UNIFOB teke del i skiping av om lag 20 selskap og har inngått 4 lisensavtaler. Fleire av selskapa har stort potensiale for vekst og verdiskaping. Etablering av til dømes FORNY-programmet i 1996 gav kommersialiseringsarbeidet meir kraft og legitimitet, jfr. 9.5.

Universitetet v/Unifob skipa i 1995 Innovest som ei avdeling i Unifob. Dette var eit samarbeidstiltak på 50/50 basis med Hordaland fylkeskommune (HFK), som sjukehuseigar. Frå sommaren 2001 er Innovest a.s. skipa, for å føre vidare verksemda innan ramma av eit aksjeselskap, med Unifob og HFK som 50 % eigarar. Selskapet sitt formål er todelt:

- Prøve ut medikament i eit samarbeid med den farmasøytiske industrien og Haukeland sjukehus
- Hjelp til ved kommersialisering av idéar frå sjukehuset og det kliniske forskingsmiljøet.

Innovasjonsverksemda i Høgteknologisentret i Bergen vart i 2001 skild ut og etablert i et eige selskap, SARSIA Innovation a.s. Selskapet gjennomførte sommaren 2001 ein emisjon mot Unifob og L. Meltzers Høyskolefond, og mot private aksjonærar i HIB a.s. SARSIA har i dag 3 eigargrupper: Unifob/Meltzer med ca. 38 %, private institusjonar og investorar med ca. 43 % og SIVA med 19 %.

SARSIA er etter emisjonane 100 % eigar av ForInnova, og står fram som eit integrert innovasjonsselskap med eit regionalt perspektiv for verksemda, men med eit klart fokus på universitetet. Selskapet vil særleg byggje opp sin ekspertise innan marin biologi, bioteknologi og medisin, og på det viset tilpasse satsinga til FoU-miljøa i regionen. Samtidig vil SARSIA kunne handsame idéar frå heile universitetet sin faglege breidde, anten sjølv eller i samarbeid med andre innovasjonsmiljø. ForInnova skal halde fram som eit sjølvstendig selskap.

I løpet av 2001 vart det gjennomført ei omorganisering av UNIFOB som no består av følgjande seksjonar:

- Bjerknessentret
- Avdeling for helse
- Avdeling for oppvekst
- SEFOS – Senter for samfunnsforskning
- AKSIS – Avdeling for kultur, språk og informasjonsteknologi
- Sars-sentret
- Avdeling for petroleumsforskning
- Avdeling for berekningsvitskap

Universitetet i Bergen har i dag ein velfungerande randzone og eit nært og godt samarbeid med dei viktigaste samarbeidsinstitusjonane. Med dagens oppgåve- og rollefordeling framstår randsonen som ryddig både for brukarane og for universitetet.

Tabell 6.3 gir en oversikt over talet på tilsette som har bistillingar i universitetet sine randzoneinstitusjonar.

Tabell 6.3 Samarbeid med randzoneinstitusjonar

| Samarbeidsavtale | Bistillinger | | | Årsverk | | |
|------------------|--------------|------|--------|---------|------|--------|
| | Vit. | Adm. | Totalt | Vit. | Adm. | Totalt |
| UNIFOB | 26 | 8 | 34 | 5 | 1,3 | 6,3 |

7. Omorganisering

I 2001 vart arbeidet med omorganiseringa av Bergen Museum slutført. Etter vedtak i Det akademiske kollegium vart det utarbeidd ein funksjons- og bemanningsplan for muséet, som omorganiserte institusjonen frå 6 vitskapelege og 3 tekniske avdelingar til 2 vitskapelege avdelingar og ein felles teknisk administrativ stab under direktøren. Det akademiske kollegium vedtok nye vedtekter for muséet, som gav Bergen Museum rett til sjølv å tilsetje kandidatar i forskings- og utdanningsstillingar.

Med verknad frå 1. mars 2001 vart Kollegiet sitt utdanningsutval oppretta. Samtidig vart det utnemnt ein eigen viserektor for utdanning. Skipinga av eit utdanningsutval er gjort for betre å kunne møte dei utfordringane universitetet står overfor i åra som kjem som følge av utviklinga innan høgre utdanning nasjonalt og internasjonalt. For å kunne rekruttere og halde på studentane i ein internasjonal utdanningsmarknad, må universitetet drive eit uavbrote og systematisk utviklingsarbeid.

Dette er også bakgrunnen for omorganiseringa av Forskings- og utdanningsavdelinga, slik at dei no utgjer to sjølvstendige einingar, Forskingsavdelinga og Utdanningsavdelinga.

8. Bygg og lokale

Universitetet disponerer eit samla areal på omlag 342.250m². Vel 280.705 av dette er eigd, medan resten er leigd.

På investeringssida har vidareføringa av rehabiliteringa av HF-miljøa halde fram. Ein ny glasspaviljong, samt ombygging/oppussing av delar av Utdanningsavdelinga sine areal har ført til at avdelinga står betre rusta til å ta i mot studentar og fungere som ein informasjonssentral.



9. Stillingar

9.1. Tilsette

Ordinært tilsette har auka med 18 årsverk sidan 2000, medan talet på oppdragstilsette auka med 26,5 årsverk. Totalt har kvinnedelen auka frå 44,4 til 45,2%. Blant vitskapelege stillingar er det i kategorien andre vitskapelege stillingar kvinnedelen har auka mest. Dette kan ha samband med fleire øyremerka post doc- stillingar for kvinner. Det er skjedd ein marginal nedgang i talet på kvinnelege professorar.

Ei oversikt over totalt antal tilsette målt i årsverk er gjeven i tabell 9.1

Tabell 9.1 Tal på tilsette målt i årsverk

| Stillingstype | Ordinært tilsette | | Oppdragstilsette | | Tilsette totalt | | Kvinner i % |
|-------------------------------------|-------------------|---------|------------------|---------|-----------------|---------|-------------|
| | Totalt | Kvinner | Totalt | Kvinner | Totalt | Kvinner | |
| Administrative stillingar | 606,2 | 406,3 | 81,4 | 47,3 | 687,6 | 453,6 | 66,0 % |
| Professorar | 407,8 | 52,5 | 2,0 | 1,0 | 409,8 | 53,5 | 13,1 % |
| Undervisningsstillingar | 18,2 | 10,7 | 1,2 | 0,2 | 19,4 | 10,9 | 56,2 % |
| Andre vitskapelege stillingar | 470,0 | 152,6 | 128,1 | 54,5 | 598,0 | 207,1 | 34,6 % |
| Stipendiatstillingar | 171,6 | 76,8 | 188,9 | 80,8 | 360,4 | 157,5 | 43,7 % |
| Driftstekn. og vitenskap. hjelpest. | 399,6 | 214,3 | 49,2 | 32,4 | 448,7 | 246,7 | 55,0 % |
| Bibliotekstillingar | 54,4 | 40,1 | 0,0 | 0,0 | 54,4 | 40,1 | 73,7 % |
| Bistillingar | 23,2 | 1,8 | 4,4 | 0,1 | 27,6 | 1,9 | 6,9 % |
| Andre stillingar | 22,2 | 16,6 | 1,4 | 1,4 | 23,7 | 18,0 | 76,1 % |
| SUM | 2 173,1 | 971,7 | 456,5 | 217,7 | 2 629,6 | 1 189,3 | 45,2 % |

9.2. Kvinner i vitenskaplege og administrative stillingar

Kvinnedelen i ulike stillingsgrupper går fram av tabell 9.1 og 9.2. Kvinnedelen i vitenskaplege stillingar er låg, og det gjeld særleg blant professorar. Utviklinga går likevel i rett retning. Frå 2000 har kvinnedelen av det samla vitenskaplege personale auka. Også kvinnedelen av administrative mellomleiarar har auka, frå 42,6% til 46,3%. Kvinnedelen av driftstekniske og vitenskaplege hjelpestillingar ligg rundt 50%, medan kvinnedelen av stillingar i bibliotekstenesta er redusert frå 80,6% til 73,6% frå 2000 til 2001.

Tabell 9.2 Mellomleiarar per september 2001

| Stilling | 2000 | | | 2001 | | |
|--------------------|--------|---------|-------------|--------|---------|-------------|
| | Totalt | Kvinner | Kvinner i % | Totalt | Kvinner | Kvinner i % |
| 1058 Adm. sjef | 0,8 | 0 | 0,0 % | 1 | 1 | 100,0 % |
| 1061 Ass. dir | 1 | 0 | 0,0 % | 1 | 0 | 0,0 % |
| 1060 Avd. dir | 12 | 2 | 16,7 % | 13 | 3 | 23,1 % |
| 1003 Avd. leder | 2 | 0 | 0,0 % | 2 | 0 | 0,0 % |
| 1062 Direktør | 2 | 1 | 50,0 % | 2 | 1 | 50,0 % |
| 1054 Kontorsjef | 57,3 | 32,8 | 57,2 % | 55,9 | 31,9 | 57,1 % |
| 1211 Seksjonssjef | 9 | 2 | 22,2 % | 4 | 1 | 25,0 % |
| 1059 Underdirektør | 11,6 | 3 | 25,9 % | 11,6 | 4 | 34,5 % |
| SUM | 95,7 | 40,8 | 42,6 % | 90,5 | 41,9 | 46,3 % |

Kilde:DBH

Handlingsplanen for likestilling for perioden 2000-2002 utgjer grunnlaget for arbeidet med å rekruttere fleire kvinner til vitenskaplege og administrative leiarstillingar. Planen inneheld prioriterte tiltak etter følgjande tre hovudkriterium:

- Tiltak for å auke rekrutteringa av kvinner til utdanning, forskning, undervisning og leiande administrative stillingar.
- Tiltak for å sikre kvinner og menn like moglegheiter til å gjere karriere ved universitetet.
- Kvinne- og kjønnsperspektiv i dei ulike fagområda.

Tiltaka i planen peikar mellom anna på verkemiddel som øymerking av vitenskaplege stillingar for kvinner på alle nivå innan fagområde med låg kvinnedel, samt tiltak for å auke kvinnedelen blant gjesteprofessorane og professor II – stillingane.

Ein del av dei stipend og postdoktorstillingane som universitetet fekk tildelt i budsjettet for 2001, vart øymerka for kvinner. Fleire av fakulteta og institutta valde også å tilsetje kvinner direkte i vitenskaplege stillingar som hadde blitt ledige.

9.3. Kompetanseheving for tilsette

Nye interne og eksterne rammevilkår krev ei systematisk satsing på å utvikle og tilpasse organisasjonar, leiarformer og kompetansen til dei tilsette. Universitetet i Bergen la i 2001 spesielt vekt på å utvikle og gjennomføre målretta opplæringsprogram for utvalde grupper av administrativt og teknisk personale.

Desse interne opplæringsprogramma vart gjennomført i 2001:

- Vidareutdanning i biofag for laboratorieteknikarar
- Opplæringsprogram for "førstelinetenesta" ved Universitetsbiblioteket
- Leiaropplæringsprogrammet Universitetsleiing
- Leiarutvikling for kvinner i vitenskaplege stillingar.

I 2001 vart Universitetet i Bergen testsenter for Datakortet, eit kompetansebevis som dokumenterer dugleik i bruk av PC. Dette bidrog til meir målretta kompetanseheving på området.

9.4. Helse, miljø og sikkerheit

Helse, miljø og sikkerheit (HMS) er integrert i universitetet si verksemd gjennom ein eigen handlingsplan. Den sentrale HMS-avdelinga har rådgjevande funksjonar og skal hjelpe leiing, verneombod og tilsette i helse-, miljø- og sikkerheitsspørsmål. Avdelinga har ansvar for utvikling av universitetet sine overordna retningsliner for HMS-arbeidet (HMS-handbok). Tenestetilbodet frå HMS-avdelinga er variert, både ved at det er retta mot målgrupper på alle nivå, og at dei omfattar dei fleste tema innan fagfeltet. I 2001 har avdelinga halde fram arbeidet retta mot risikoutsette miljø og har mellom anna gjennomført allergigranskingar og hørselsundersøkingar. Soppblem i Sydneskvartalet har teke mykje av avdelinga sine arbeidsressursar i 2001.

Omsynet til det ytre miljøet er ein integrert del av universitetet si samla verksemd. Både i den daglege drifta, som f.eks. ENØK og avfallssortering, og i den faglege verksemda.

Fleire av fagmiljøa har miljøretta verksemd som sitt hovedfokus. Senter for miljø og ressursstudiar hadde ein samla aktivitet i 2001 på 7,3 mill. kroner; 4,2 mill. kroner av dette var eksternt finansiert. Basert på tidlegare års rapportering reknar vi med at den samla miljørelaterte verksemda vil utgjere 90 mill. kroner.

10. Prisar til UiB-forskarar i 2001

Meltzer-prisen for yngre forskarar vart gjeven til historikaren dr. art. Anne Katrine Bang og botanikeren dr. scient Ørjan Totland. Prisen var på kr. 100.000 for kvar av vinnarane.

Meltzerfondets pris for framifrå forskingsformidling vart tildelt førsteamanuensis Frank Aarebrot og professor dr. art. Jostein Gripsrud. Kvar av prisvinnarane fekk tildelt kr. 50.000.

Professor dr. med. Jon Lekven fekk Søren Falch og øienlæge Sigurd Falchs pris på 200.000 kr. for framifrå leiarskap innan medisinsk forskning.

Juniorprisen for unge forskarar frå Søren Falch og øienlæge Sigurd Falchs Fond vart gjeven til dr. med. Frode Svendsen og dr. med. Lars Bø.

Professor dr. philos Roy Gabrielsen, Geologisk institutt, fekk Statoils forskarpris. Prisen er på 150.000 kr.

Nasjonalforeninga for folkehelse sin hjartepris for 2001 vart tildelt professor dr.med. Per Lund-Johansen ved Institutt for indremedisin. Prisen er på 100.000 kr.

Professor Britt Kroepelien ved Institutt for kulturstudier vart tildelt Universitetsforlaget sin IDUN-pris for 2001 for framifrå fagbok-prosjekt. Prisen er på 100.000 kr.

I tillegg fekk Lyngheisentret på Lygra i Lindås Melina Mercouris kulturlandskapspris, som Unesco står for. Prisen, som er på 10 000 dollar, vart tildelt sentret for framifrå arbeid med å verna det spesielle kulturlandskapet som lyngheiene representerer. Universitetet deltek i Lyngheisenteret saman med m.a. Lindås kommune og Hordaland fylkeskommune.

Utdanningsreforma

Kunnskapspolitikken merkjer samfunnsutviklinga. Sameleis merkjer samfunnsutviklinga kunnskapspolitikken. Når om lag halvparten av ungdomskulla tek høgre utdanning, vert det turvande å forme ein kunnskapspolitikk som kombinerer masseutdanning og kvalitetsutdanning. Dette er det overordna føremålet med den nye utdanningsreforma. Siktemålet er at norske utdannings- og forskingsinstitusjonar skal halde høg internasjonal standard, samstundes som studentane lykkast i sine studiar, med høgre fullføringsgrad og meir effektive læringsløp enn i dag.

Utdanningsreforma krev omstrukturering på alle nivå. Reforma innbefatter blant anna nytt lovverk, ny gradstruktur, omlegging av opptak til studieprogram i staden for fakultetsvise opptak til allmennfaga, gjennomgåande modulisering i alle studium, omlegging til nytt karaktersystem, innføring av studiepoeng i staden for vektall, tettare studentoppfølging, utvida studieår, auka internasjonalisering av studia m.m.

Universitetet i Bergen er i ferd med å innarbeide desse hovudmåla i sine eigne strategiar og opplegg, slik at institusjonen på alle nivå kan føreta dei naudsynte vedtak og tilpassingar i løpet av våren og hausten 2002. Siktemålet er trinnvis innføring av reforma med full gjennomføring frå og med haustsemestret 2003.

Eit detaljert oversyn over pågåande arbeid og status finn ein på universitetet sine nettsider, <http://www.uib.no/kvalitetsreformen/>

Universitetet i Bergen har sett ned ei eiga styringsgruppe som skal koordinere arbeidet med å innføre utdanningsreforma. Viserektor for utdanning leiar gruppa og føretek turvande samordning mellom kollegiet sitt utdanningsutvalg og styringsgruppa. Utdanningsavdelinga har det administrative ansvaret for gjennomføringa av prosjektet.

Alt no kan arbeidet med studiereforma vise til løfterike resultat: Av 452 studentar som tok examen philosophicum etter den nye seminarmodellen hausten 2001, var det berre ein som strauk. Etter ei prøveordning vart den nye modellen innført som valfri variant hausten 2001, og rundt 20 prosent av studentane valde då denne studieforma. Seminarmodellen inneber bl.a. nye vurderingsformer med klare arbeidskrav gjennom heile semestret. Til samanlikning strauk heile 41 prosent av dei som møtte fram til eksamen etter gammal ordning.

Også for studentar i matematikk har tettare oppfølging og eit meir differensiert tilbod gjeve gode resultat. Eit einskild fag – M001, med fokus på brukerretta matematikk – har redusert strykprosenten frå 52 prosent hausten 1999 til 11 prosent hausten 2001. Også her får studentane i større grad tilbakemelding gjennom heile semestret på kor dei står fagleg. Samstundes har ein øvd meir på relevante eksamensoppgåver og fokusert på kor naudsynt det er å jobbe jamnt heile semestret. Desse endringane skjer samstundes med at fakultetet har lagt forholda betre til rette for å etablere sosiale nettverk mellom studentane. I tillegg er undervisninga betre samordna, samstundes som det er lagt til rette for samtalegrupper.

Engelsk institutt gjennomførte hausten 2001 eit prøveprosjekt med løpande tilbakemelding ("mappeevaluering") i ein 5-vekttsmodus i grunnfaget. Til saman 104 studentar følgde undervisninga i denne modulen. Undervisninga var også organisert med eit sterkare innslag av seminarundervisning og studentaktivitet i form av munnlege og skriftlege oppgåver. Det ble gjeve tilbakemeldingar både i form av individuell rettleiing og gruppevis. I tillegg er Internett nytta til rettleiing og i diskusjonsgrupper. Eksamen vart avvikla som ein mindre 2- timers prøve.

Resultatet var vesentleg betre enn tidlegare, og både studentar og faglærarar har positiv vurdering av opplegget: Ein større del av dei som melde seg opp til eksamen, gjekk opp; og strykprosenten var mindre samstundes som studenttalet også var vesentleg høgre.

Med sterkara innsats bak læringa vart prosjektet sjølvsagt langt meir ressurskrevjande enn ordinære opplegg.

Det historisk- filosofiske fakultet har hatt tilsvarende prøveprosjekt under utprøving i 2001: Det gjeld så langt filosofi grunnfag, fransk hovedfag, historie grunnfag, litteraturvitenskap grunnfag, medievitenskap hovedfag, nordisk grunnfag og tysk hovedfag. Fakultetet har oppretta eit fellesprosjekt for utdanningsreforma. Det vart halde eit startseminar for reforma hausten 2001 og det vert planlagt ein erfaringskonferanse våren 2002 på grunnlag av ein fellesrapport om røynslene så langt.

Røynslene så langt stadfester at tiltaka i utdanningsreforma let seg gjennomføre med gode resultat; men at gjennomføringa vil få monalege budsjettmessige følgjer.



11. Det historisk- filosofiske fakultet

| Fakultetet i tal | | |
|--|-------|-------|
| | 2000 | 2001 |
| Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemestret * | 4 160 | 4 251 |
| Avlagde årseiningar (å 20 vektall) lågara grad** | 1 638 | 1 778 |
| Kandidatar på høgare grad | 205 | 221 |
| Doktorandar | 25 | 19 |
| Vitskaplege publikasjonar *** | 305 | 305 |
| Tilsette årsverk pr. 30.9. | | |
| Ordinære stillingar (kap.261 og 281) | | |
| Vitskaplege/rekruttering | 248 | 249 |
| Teknisk/administrative | 74 | 75 |
| Oppdragsstillingar | | |
| Vitskaplege/rekruttering | 35 | 36 |
| Teknisk/administrative | 18 | 16 |
| Rekneskap (mill. kr.) | | |
| Ordinær verksemd | 161 | 193 |
| Oppdragsverksemd | 42 | 38 |

* Ikkje medrekna studentar som berre tek Ex. phil. (00:648 01:649)

** Medrekna lågara grads studenter ved Griegakademiet (profesjonsstudiet i musikk).

*** Art. i internasj/nasj. tidsskrift, faglege bøker/lærebøker og kap. i fagl. bøker/lærebøker

Fakultetet har i 2001 særleg arbeidd med:

- ny gradstruktur – tilrettelegging for oppfølging av utdanningsreforma
- arbeid med studieplanar i alle fag
- samordning av fag og samarbeid om undervisning på lågare og høgare grad
- vidareutvikling av førstesemesterstudiet
- vidare utbygging av IKT-faga og IKT-baserte undervisningsopplegg
- betring av informasjon og service til studentane
- tiltak for å betre studiekvalitet og nye evalueringsformer
- evaluering av forskarutdanninga og revisjon av handlingsplanen for forskarutdanning
- tiltak for å auke eksternt finansiert forskning
- oppfølging av forskingsmelding

11.1. Utdanning

Arbeidet med ny studieordning har vore hovudsaka i 2001, og fakultetet har lyst ut 9 tilrettelagde studieprogram innanfor den nye 3-årige bachelor-graden for studieåret 2002 –2003. Arbeidet med studieprogramma foregår i tverrfaglege/tverrfakultære arbeidsgrupper. Eit nytt førstesemesterstudium som er i samsvar med intensjonane i utdanningsreforma, starta opp hausten 2000 og vart ført vidare i 2001 med positive røynsler. Prøveprosjekt med mappeevaluering vart i 2001 gjennomført i 8 fag. Desse prosjekta og nye prosjekt i 2002 er lekk i førebuinga til utdanningsreforma.

Samla studenttal er litt høgare enn i 2000. Talet på avlagde eksamenar har utvikla seg positivt på lågare grad og hovudfag. Studenttal og eksamenar aukar også innan vidareutdanning.

Det er avlagt 221 grader på høgare nivå (hovudfag og mastergrad). Dette er ein auke på 20 i forhold til 2000.

På lågare grad er det avlagt 1780 årseksamenar mot 1638 i 2000. Innan vidareutdanning er det avlagt 105 årseksamenar mot 96 i 2000.

Gjennomføringa på doktorgradsprogrammet har vore god i fleire år, og det er avlagt 110 doktorgrader på 5 år. I 2001 vart det gjennomført 19 disputasar, 17 dr.art. og 2 dr.philos.

11. 2. Forsking

Fakultetet utarbeidde i 2000 ei forskingsmelding som lekk i arbeidet med å profilere forskingsverksemda betre ved fakultetet. Her blei det lagt vekt på at satsingsområda bør prioriterast med utgangspunkt i fakultetet si eiga verksemd. Følgjande nye satsingsområde vart vedtekne for perioden 2000-2005: språkteknologi, kulturell identitet, Midtausten og det austre middelhavsområdet. Det blei lagt vekt på å stimulere til auka forskningssamarbeid, å betre rammevilkåra for forskning og styrke ekstern finansiering av forskning.

Fakultetet har teke del i arbeidet med å omorganisere UNIFOB, særleg i organiseringa av den nye Avdeling for kultur, språk og informasjonsteknologi og Stein Rokkans senter for fleirfaglege samfunnsstudium.

3 forskargrupper ved HF har teke del i søknadsprosessen for Senter for framifrå forskning, og 2 av gruppene vart inviterte til å delta i andre søknadsrunde.

11. 3. Internasjonalisering

Wittgenstein-arkivet fekk i 2001 tildeling til "Research Infrastructures" for gjesteforskarar innanfor EUs 5. rammeprogram, og språkteknologimiljøet fekk tildeling til Marie Curie Training Sites for doktorgradsstudentar frå EU-land.

DIALANG (a European System for Diagnostisc Language Testing), der Norsk språktest er einaste norske medlem, er nå inne i fase 2, som blir koordinert av Freie Universität Berlin. Elles deltek fleire institutt i ei rekkje EU-finansierte utvekslingsprogram.

Fakultetet samarbeidar med Vytautas Magnus Universitet i Kaunas, Litauen, om forskarutdanning, og dei to første doktorandane frå Kaunas disputerte i august 2001.

12. Det juridiske fakultet

| Fakultetet i tal | | |
|--|-------|-------|
| | 2000 | 2001 |
| Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemestret | 2 236 | 2 096 |
| Avlagde årseiningar (á 20 vektall) lågara grad | 405 | 372 |
| Kandidatar på høgare grad | 193 | 195 |
| Doktorandar | 0 | 2 |
| Vitskapelege publikasjonar * | 40 | 25 |
| Tilsette årsverk pr. 30.9. | | |
| Ordinære stillingar (kap.261 og 281) | | |
| Vitskapelege/rekruttering | 37 | 40 |
| Teknisk/administrative | 18 | 20 |
| Oppdragsstillingar | | |
| Vitskapelege/rekruttering | 3 | 3 |
| Teknisk/administrative | 0 | 0 |
| Rekneskap (mill. kr.) | | |
| Ordinær verksemd | 44 | 50 |
| Oppdragsverksemd | 2 | 2 |

*Art. i internasj/nasj. tidskrift, faglege bøker/lærebøker og kap. i fagl. bøker/lærebøker

12.1 Utdanning

Etter at talet på studentar har lege relativt stabilt på rundt 2050 dei siste åra, vart det i 2001 redusert med ca. 100. Også vektalsproduksjonen viste ein relativt klår nedgang medan talet på uteksaminerte kandidatar var rekordhøgt (195). Doktorgradsproduksjonen var relativ høg (3). Talet på vitskapeleg tilsette viste ein mindre auke i 2001. Det er særleg gledeleg at nyrekrutteringa i stor grad omfattar kandidatar med røynsle frå yrkeslivet, og ikkje berre nyuteksaminerte kandidatar, som ofte tidlegare. Forholdstalet student/ lærar er framleis svært ugunstig.

Fakultetet har i meldingsåret arbeidd vidare med prøveprosjekt innan IKT-støtta problembasert læring, rekruttering til vitskapelege stillingar og kartlegging av fakultetet sitt ressursbehov. Fakultetet har dessutan sett ned ei nemnd som skal utarbeide forslag til ny studieordning.

12.2. Rekruttering

Med grunnlag i ei komitéinnstilling har fakultetsstyret drøfta spørsmål om rekruttering til vitskapelege stillingar. Sentrale punkt i denne innstillinga var rekrutteringsbehovet, målsetjingar, strategiar og tiltak generelt, strategiar og tiltak overfor kvinner og eksterne søkarar spesielt og strakstiltak for rekruttering. Fakultetet vil følgje opp nemnda si innstilling.

Med grunnlag i ein annan komiteinnstilling har fakultetsstyret drøfta spørsmål knytt til fakultetet sitt framtidige ressursbehov, og då særleg knytt til undervisningsformer og behovet for ressursar til undervisning og forskning. Det vart konkludert med at fakultetet har behov for auka ressursar både til forskning, undervisning og formidling. Det var særleg peika på det ugunstige forholdstal lærar/student og nye undervisnings- og evalueringsformer som samla vil vere vesentleg meir ressurskrevjande enn dagens ordningar. På kort sikt er styrking av budsjettgrunnlaget og auke i talet på lærarar fakultetet si største utfordring saman med det pågåande reformarbeidet.

Nye satsingsområde innan forskning er kystsoneforvaltning, havbruksrett og fiskerirett, som alle er fylgd opp gjennom øymerka stillingar. Rekrutteringsvanskar har likevel ført til at ein ikkje har kunne nå resultat så raskt som vona var.

Det vart i april 2001 sett ned ei nemnd som skal utarbeide framlegg til ny studieordning, med sikte på oppfølging av utdanningsreforma. Arbeidet bygger også på dei prøveprosjekta fakultetet alt har gjennomført med mappeevaluering til forprøva og prøveprosjekt med IKT-baserte, studentaktive læringsformer og på ressursnemnda sine vurderingar av undervisningsressursar og behov.

Fakultetet har vedtatt å leggje ned Rettsvitenskapleg seksjon som eiga administrativ eining. Dette medfører at alle teknisk-/administrativt tilsette ved fakultetet blir organisert under fakultetsdirektøren, og synleggjer at fakultetet no formelt berre har eitt nivå. Fakultet vonar med dette å oppnå meir effektiv styring og utnytting av dei administrative ressursane.

13. Det matematisk- naturvitskaplege fakultet

| Fakultetet i tal | | |
|--|-------|-------|
| | 2000 | 2001 |
| Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemestret | 2 738 | 2 653 |
| Avlagde årseiningar (å 20 vektall) lågara grad | 813 | 788 |
| Kandidatar på høgre grad | 208 | 215 |
| Doktorandar | 53 | 47 |
| Vitskaplege publikasjonar * | 484 | 519 |
| Tilsette årsverk pr. 30.9. | | |
| Ordinære stillingar (kap.261 og 281) | | |
| Vitskaplege/rekruttering | 263 | 262 |
| Teknisk/administrative | 187 | 188 |
| Oppdragsstillingar | | |
| Vitskaplege/rekruttering | 154 | 167 |
| Teknisk/administrative | 21 | 17 |
| Rekneskap (mill. kr.) | | |
| Ordinær verksemd | 253 | 291 |
| Oppdragsverksemd | 146 | 144 |

* Art. i internasj/nasj. tidskrift, faglege bøker/lærebøker og kap. i fagl. bøker/lærebøker

13.1. Utdanning

Talet på søkjarar til fakultetet auka med 12% frå hausten 2000 til hausten 2001, og resultatata i matematikk i førstesemestret var betre enn på mange år. Meir personleg tilrettelegging og meir omfattande informasjon er truleg viktige årsaker til dette.

Hausten 2001 starta fakultetet arbeidet med omlegginga av studietilbodet ved fakultetet i tråd med utdanningsreforma, eit arbeid som vert forsterka i 2002 og 2003.

13.2. Forsking

Det matematisk-naturvitskaplege fakultet vedtok i april 2000 omstillingsplanen "Fra utdanningskvantitet til forskningskvalitet. Omstilling ved Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet for perioden 2000-2005". Planen har tre prioriterte tematiske innsatsområde for forskning:

- Marin forskning, inklusiv klimaforskning
- Informatikk og matematisk modellering
- Olje- og gassrelatert forskning

Fakultetet har i 2001 satsa vidare på dei områda som låg til grunn for søknaden i 2000. I tillegg til etablering av nye stillingar er det sett i gang ei rekkje prosjekt knytt til IKT i undervisninga, internt ved fakultetet og i samarbeid med Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet ved Universitetet i Oslo. Fakultetet fekk i 2001 middel til 4 stipendiatstillingar, 2 post.doc.-stillingar øyremerka kvinner og 1 professorat øyremerka kvinner. Rekrutteringsstillingane er knytt opp mot dei tematiske innsatsområda.

Fagmiljøa ved fakultetet har oppnådd svært gode resultat i første runde av tevlinga om å få skipa nasjonale sentre for framifrå forskning (SFF). 5 av 6 innsende skisser er gått vidare til 2. runde. Fakultetet har i alt fått 8 Marie Curie Training Sites. I tillegg deltek forskarar ved fakultetet i mange EU-prosjekt.

Fakultetet utarbeidde i 2001 strategiplanen "Fra detaljstyring til fristilling". Dette er ein lekk i omstillingsarbeidet og ei oppfølging av internasjonale fagevalueringar og like eins ei oppfølging av den nasjonale planen utarbeidd av Det nasjonale fakultetsmøtet for realfag. Eit hovudmål med denne strategiplanen er å heve kvaliteten på forskinga og utdanninga gjennom betre ressursdisponering.

Strategiplanen legg opp til ei ordning med auka fagleg leiing og med nye verkemidlar for instituttstyrarar. Mellom anna vil fakultetet arbeide for at institutta får utvida økonomiske fullmakter, slik at fagmiljøa på ein betre måte enn i dag kan rette ressursar inn mot flaskehalsane i forskings- og undervisningsverksemda. Det er i strategiplanen foreslått samanslåingar av fleire institutt, og det skal utarbeidast ein evalueringsmodell basert på indikatorar for forskings- og undervisningsaktiviteten. Vidare skal fakultetet sin totale arealmasse gjennomgåast med sikte på samlokalisering av dei nye institutta, ei fagleg føremålstenleg plassering av eventuelle nye Senter for framifrå forskning samt fagleg nærleik til dei nye avdelingane i Unifob.

14. Det medisinske fakultet

| Fakultetet i tal | | |
|--|-------|-------|
| | 2000 | 2001 |
| Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemestret * | 1 458 | 1 528 |
| Avlagde årseiningar (å 20 vektall) lågara grad | 25 | 34 |
| Kandidatar på høgre grad | 168 | 176 |
| Doktorandar | 16 | 38 |
| Vitskaplege publikasjonar ** | 718 | 772 |
| Tilsette årsverk pr. 30.9. | | |
| Ordinære stillingar (kap.261 og 281) | | |
| Vitskaplege/rekruttering | 222 | 220 |
| Teknisk/administrative | 178 | 175 |
| Oppdragsstillingar | | |
| Vitskaplege/rekruttering | 51 | 68 |
| Teknisk/administrative | 19 | 15 |
| Rekneskap (mill. kr.) | | |
| Ordinær verksemd | 189 | 218 |
| Oppdragsverksemd | 67 | 66 |

* Medrekna odontologi preklinikk.

** Art. i internasj/nasj. tidskrift, faglege bøker/lærebøker og kap. i fagl. bøker/lærebøker

Budsjettramme i 2001 var på ca 217,6 mill. kr. Rekneskapstala syner eit forbruk på 217,8 mill. kr. Av dette var 2.5 mill. kr investeringar i vitskapleg utstyr og resten, 215 mill. kr, var fordelt på drift og lønn. Fakultetet har som målsetting vedtatt at forholdet mellom lønn og drift bør være 80% til 20%. Tall frå 2001 syner at den prosentvise fordelinga mellom lønns- og andre driftskostnader er redusert frå 86,4% i 2000 til 85,6% i 2001.

14.1 Utdanning

Hausten 2001 vart det siste kullet som har følgd 120-planen, uteksaminert. Full opptrapping av desentral undervisning blei gjennomført ved at det første heile 150-plan kullet (kull 96) gjennomførte undervisning ved dei samarbeidande sjukehusa i Førde, Haugesund og Stavanger.

Etablering av forskarline for medisinstudentar er ei satsing ved alle universitet, og er finansiert i samarbeid med Noregs forskingsråd. Fakultetet har gjort vedtak om slik etablering. Hovudgrunnen for å opprette ei forskarline er å fremme rekruttering til medisinsk forskning og utvikling.

Det er oppretta 5 nye studieplassar i helsefag hovudfag innanfor genetisk rettleiing, som eit mellombels tiltak, med studiestart hausten 2001. Eit mellombels helsehovudfag for tilsett personale i høgskulesektoren vart avslutta i 2001, utan at midlar til fleksible undervisnings -opplegg er ført vidare som ei ordning i det permanente hovudfaget. Dei fem studieretningane innan helsefag hovudfag er nå utbygde i samsvar med tidlegare vedtekne planar ved universitetet. Fakultetet har under utarbeiding ein plan for igangsetting av eit farmasistudium ved Universitetet i Bergen. Studiet er planlagt på masternivå, og er eit samarbeid mellom Det medisinske og Det matematisk-naturvitskaplege fakultet.

I 2000 vart Rabilda-programmet evaluert, og dette la grunnlaget for ei vesentleg heving av kvaliteten på læreprogrammet. Sju fagmiljø fekk tilbod om å delta i eit prosjektsamarbeid om IKT-støtta læring og undervisning. Fakultetsstyret prioriterte tildeling av IKT-midlar til fire fyrårsprosjekt. Prosjektrapportane er positive, og vil bli behandla i Studieplankomiteén i februar 2002.

I samarbeid med Den norske legeforening driv Det medisinske fakultet ei omfattande vidare- og etterutdanning for legar. I 2001 vart det skipa 66 vidare- og etterutdanningskurs med til saman 1873 deltakarar. Dette er ein markant auke både for arrangerte kurs og for talet på deltakarar i høve til 2000.

14.2 Forsking

Det medisinske fakultet har i 2001 arbeidd for kvalitativ og kvantitativ heving av forskinga og stimulert til samarbeid mellom forskingsgrupper. Midlar til dei autoriserte forskingsgruppene (loci) er prioriterte innan ressursramma til fakultetet, og fakultetsstyret vedtok i 2001 å sette av midlar til oppretting av to nye loci. Målet om auka forskingskvalitet er søkt oppnådd ved positive verkemiddel, og fakultetet gjennomførte også i 2001 kåring av Årets publikasjon.

Fire forskargrupper under namnet The University of Bergen Mental Health Research Center er gått vidare til andre og avsluttande runde om å bli Senter for framifrå forskning (SFF). Ei av forskargruppene kjem frå Det psykologiske fakultet, medan tre forskargrupper kjem frå Det medisinske fakultet. Felles for dei fire forskargruppene er at dei frå ulike ståstader forskar på hjerneaktivitet. Fakultetet har i 2001 arbeidd for posisjonering i forhold til FUGE og foreslått ei nasjonal satsing innanfor nevrovitskapleg forskning (NevroNor).

Ved fakultetet er den eksternt finansierte forskingsporteføljen sett til omlag 65 mill. kr. Fleire forskarar er med i internasjonale forskingsnettverk, og fleire har koordinatorfunksjonar.

15. Det odontologiske fakultet

| Fakultetet i tal | | |
|--|------|------|
| | 2000 | 2001 |
| Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemestret * | 263 | 293 |
| Avlagde årseiningar (å 20 vektall) lågara grad | 29 | 26 |
| Kandidatar på høgre grad | 38 | 60 |
| Doktorandar | 2 | 2 |
| Vitskaplege publikasjonar ** | 59 | 59 |
| Tilsette årsverk pr. 30.9. | | |
| Ordinære stillingar (kap.261 og 281) | | |
| Vitskaplege/rekruttering | 67 | 75 |
| Teknisk/administrative | 102 | 93 |
| Oppdragsstillingar | | |
| Vitskaplege/rekruttering | 0 | 1 |
| Teknisk/administrative | 3 | 3 |
| Rekneskap (mill. kr.) | | |
| Ordinær verksemd | 66 | 76 |
| Oppdragsverksemd | 14 | 20 |

* Preklinikk er rekna med i studenttala til Det medisinske fakultet.

** Art. i internasj/nasj. tidsskrift, faglege bøker/lærebøker og kap. i fagl. bøker/lærebøker

15.1. Utdanning

Fakultetet opplevde ei auke på 50% i søkjartalet til grunnstudia hausten 2001, og fleire enn vanleg takka ja til tilbod om plass. Fullt belegg av studieplassar, ein ny studieplan og nye studiemetodar gjev fakultetet utfordringar i høve til kapasiteten i undervisningslokala. Det vert lagt til rette for at studentar ved fakultetet skal reise på utveksling ved andre lærestader, og i 2001 kom ein opp i ein utreiselut på heile 18% av aktuelt odontologikull.

Fakultetet har gjennom fleire år hatt klinisk spesialist- og vidareutdanning, som er sterkt etterspurd innan tannhelsetenesta. Fakultetet har lenge ønskt ei formalisering og finansiering av desse programma, men først i 2000 gav Sosial- og helsedepartementet tilsegn om kr 10 mill til dette føremålet, fordelt på Oslo og Bergen.

Hausten 2001 vart det for tredje året på rad teke opp 8 nye kandidatar til ettårig klinisk kurs for tannlegar med eksamen frå ikkje-EØS land. På bakgrunn av auka interesse for dette programmet har fakultetet søkt om midlar til å fungere som eit nasjonalt knutepunkt for fagleg vurdering av utanlandske tannlegar.

Fakultetstilknytning og framtidig organisering av den kliniske verksemda har stått sentralt i 2001. I 2002 må det takast ei prinsippavgjerd om ein skal etablere eit nærare fagleg og organisatorisk samarbeid med Det medisinske fakultet, og om Odontologisk klinikk skal fristillast eller ikkje.

Fleire viktige spørsmål som gjeld odontologi er til behandling i regjering og storting og vil venteleg få si avgjerd i 2002. Dette gjeld dimensjonering av tannlegestudiet, spørsmål om utvida opptak i Bergen og Oslo, eit eventuelt nytt studium i Tromsø og framtidig eigarskap til Den offentlege tannhelsetenesta i Norge. Tannpleiarne si rolle innan tannhelseverksemda høyrer også med her.

15.2. Rekruttering og nybygg

Parallelt har det vore arbeidd med konkretisering av planane for eit nybygg i samarbeid med Statsbygg. I dette arbeidet er også Den offentlege tannhelsetenesta trekt inn, for at tannhelsetenesta sine byggjeplanar skal kunne sjåast i samanheng med fakultetet sine planar. Fylkestannlegane på Vestlandet er positive til dette arbeidet.

Det er stor aldersavgang blant vitskapelege og praktiserande tannlegar. Dette skaper eit stort rekrutteringsproblem for alle delar av tannhelsetenesta. Fakultetet har i aukande grad opplevd at ein ikkje får kvalifiserte søkjarar til vitskapelege stillingar, og like eins har det vore problem med få tilsett klinisk lærarpersonale. I 2001 var rekrutteringa av stipendiatar innan kliniske fagområde noko betre, noko ein kan tolke som ei følgje av eit forsterka arbeid med forskarrekrutteringa.

15.3 Forsking

Gjennom heile 2001 vart det arbeidd for å få etablert eit nasjonalt program for odontologisk forskning i samarbeid med søsterfakultetet i Oslo. Seinhaustes 2001 vart det stadfesta at Noregs forskingsråd hadde gjeve sin prinsipielle tilslutning til eit 3-årig program. Det vert ei stor utfordring å følgje opp dette gjennombrotet i Forskingsrådet.

Det drivast forskning innafor alle fagområda ved fakultetet og forskingsmetodane spenn frå laboratorieforsøk via kliniske studiar til samfunnsodontologiske, epidemiologiske og adferdsfaglige metodar. Prosessar med betre samordning, fokusering og auka samarbeid nasjonalt og internasjonalt er i gang. Dette arbeidet held fram i samsvar med fakultetet og universitetet sine strategiske planar og handlingsplanar for forskning.

15.4 Internasjonalisering

Fleire forskarar ved fakultetet deltek i internasjonale nettverk. Dei mest omfattande internasjonale samarbeidsprosjekta organiserast via Senter for internasjonal helse innafor temaet oral helse i globalt perspektiv. Dette omfattar viktige felt som oral cancer, fluorrelaterte tann- og helseproblem, kariesførebyggjande arbeid i u-land, helsesystemforskning, forskning på helsefremmande tiltak, studiar av faktorar som påverkar oral hygiene og oral mikrobiologi.

Ein jamn årleg produksjon av doktorgrads- og mastergradskandidatar er resultat av dette samarbeidet (to dr. odont. og to mastergradar i 2001). Kurs i den organiserte forskerutdanninga (også mastergradsstudiet, vidare- og etterutdanning) ved fakultetet har i årevis vorte haldne på engelsk og høver difor godt for utanlandske studentar som tek sine gradar ved Universitetet i Bergen.

16. Det psykologiske fakultet

| Fakultetet i tal | | |
|--|-------|-------|
| | 2000 | 2001 |
| Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemestret | 2 280 | 2 607 |
| Avlagde årseiningar (å 20 vektall) lågare grad | 732 | 838 |
| Kandidatar på høgare grad | 44 | 60 |
| Doktorandar | 6 | 8 |
| Vitskaplege publikasjonar * | 150 | 115 |
| Tilsette årsverk pr. 30.9. | | |
| Ordinære stillingar (kap.261 og 281) | | |
| Vitskaplege/rekruttering | 86 | 92 |
| Teknisk/administrative | 37 | 40 |
| Oppdragsstillingar | | |
| Vitskaplege/rekruttering | 15 | 18 |
| Teknisk/administrative | 3 | 3 |
| Rekneskap (mill. kr.) | | |
| Ordinær verksemd | 79 | 87 |
| Oppdragsverksemd | 12 | 13 |

* Art. i internasj/nasj. tidsskrift, faglege bøker/lærebøker og kap. i fagl. bøker/lærebøker

Fakultetet hadde i 2001 eit samla inntektsbudsjett over grunnbudsjettet på vel NOK 87 mill og registrerte kostnader på om lag same nivå. Utgiftene vert fordelte med i underkant av 80% på faste lønnskostnader og noko i overkant av 20% til andre driftsutgifter.

16.1. Utdanning

Fakultetet har i 2001 arbeidd med omlegging av studieplanen i psykologstudiet med vektlegging av prinsipp som inngår i utdanningsreforma. Det gjeld større innslag av problembaserte læringsformer, større vekt på studentane sitt ansvar for eiga læring, prosjektorienterte studentarbeid, sterkare vektlegging av nye evalueringsformer, som underveis-evaluering (mappevurdering), samt sterkare vektlegging av forskingsfordjuping /forskarutdanning i studiet. Ny studieplan vart sett i verk frå og med januar 2002.

Samstundes er det gjennomført fleire prosjektorienterte studiekvalitetstiltak på andre studium som alternative eksamensformer/mappe-evaluering på ein av grunnfagsmodulane i psykologi og på delfag i praktisk pedagogikk. Evalueringa syner at studentane stort sett er nøgde med omlegginga, og tiltaka vil bli ført vidare, med mindre justeringar.

Samla studenttal heldt fram med å stige med om lag 2600 registrerte årsstudantar. Mesteparten av auken skuldast auka tilgang av studantar til lågare grad i psykologi. Fakultetet stod i 2001 for i overkant av _ av alle nye studantar som vart rekruttert til Universitetet i Bergen. Talet på avlagde eksamenar på lågare grad psykologi, målt i 20 vektallseiningar, har i samsvar med auken i talet på registrerte studantar utvikla seg positivt med om lag 10 % auke.

Rekrutteringa til lærarutdanninga har gått noko ned, og det same har tal på uteksaminerte kandidatar. Lærarutdanninga har vore evaluert både lokalt, i regi av Norgesnetttrådet, og av departementet. Tiltak vert sett i verk i 2002.

På profesjonsstudiet i psykologi avla 57 kandidatar graden og eit mindre tal kandidatar på høgre nivå (hovudfag og mastergrad). På grunn av opptak anna kvart år vil dei siste tala fluktuere frå år til år, men gjennomføringa er likevel god over tid. Profesjonsstudiet har hittil hatt ein særleg god gjennomføringsgrad på over 95%.

Gjennomføringa på doktorgradsprogrammet har vore god dei siste åra, varierende mellom 6-10 doktorgrader. Åtte fullførte doktorgraden i 2001, mot seks året før.

Det er etablert fleire omstillingsprosjekt/forsøk knytt til bruk av IKT i utdanningsprogramma. Det er skipa eit web-basert/desentralt hovudfag i pedagogikk med 15-20 studentar. Fleire mindre IKT prosjekt er skipa innanfor ppu, psykologi grunnfag og i profesjonsstudiet, der studentar tek del. Det er knytt rekrutteringsstillingar/post doc stilling til enkelte av desse prosjekta for å vidareutvikle/ivareta forskning knytt til IKT og læring. Fakultetet har i samarbeid med IT-avdelinga etablert LUVIT som programvareplattform som eit tilbod til fagmiljøa og gjeve brukarne ressursar knytt til denne teknologien. Det er også i gang prosjekt knytt til WebCT. I samarbeid med SV-fakultetet er det etablert PC-tilbod for lågare gradsstudentar og for lærarar. I samarbeid med UB er det etablert eit mindre e-læringsenter knytt til fakultetsbiblioteket.

16.2. Forsking

Fakultetet har dei siste åra arbeidd systematisk for å profilere forskingsverksemda. I strategiplanen er det vedteke å satse innanfor tre hovudområde, basalfag i psykologi, helse og skule. Det er tidlegare etter søknad og internasjonal evaluering skipa tre forskingsgrupper innanfor: a) førebygging av antisosial åtferd/mobbing; b) kognitiv nevrovitenskap, fMRI-forsking, og c) klinisk behandlingforsking.

I 2001 vart det etablert to nye forskingsgrupper: ei innanfor helsefremjande arbeid og livsstil hos barn og unge, og ei knytt til psykosomatikk og psykobiologisk basalforsking.

Forskningsgruppa innanfor kognitiv nevrovitenskap har teke del i søknadsprosessen om å bli eit Senter for framifrå forskning, og har gjennom The University of Bergen Mental Health Group (eit samarbeid med forskingsgrupper under Det medisinske fakultet) kvalifisert seg for å gå vidare til andre søknadsrunde.

Faggruppene ved fakultetet har hevda seg i konkurransen om forskingsprosjekt innanfor NUFU, der pedagogiske og helsefaglege miljø henta inn om lag NOK 15 mill i 2001, fordelt over tre år. To fagmiljø innanfor helserelevanter forskning har henta inn monalege forskingsmiddel gjennom EU. Samla representerer eksterne inntekter ein svak vekst på to prosent i høve til forventa inntekt, til saman i underkant av NOK 13 mill.

Fakultetet har teke del i arbeidet med omorganisering av UNIFOB gjennom organisering av en ny avdeling (HALOS) knytt til fakultetet sin randsoneaktivitet.

16.3. Rekruttering og nasjonalt samarbeid

Fakultetet leia, på oppdrag frå departementet, eit nasjonalt arbeid for å greie ut rekruttering til stillingar med krav om dobbelkompetanse (både akademisk og utøvande/praktisk kompetanse) innanfor anvendte psykologiske fag. Bakgrunnen er dels den kraftige auken/oppbygginga av psykologi som fagområde ved universiteta i siste halvdel av 90-åra, med nesten ei dobling av studentopptaket. Truleg kan ingen andre universitetsfag vise ei slik rask oppbygging, og behovet for nye rekrutteringsstillingar for å sikre rekruttering og dekke erstatningsbehovet vil derfor vere stort i åra som kjem.

17. Det samfunnsvitskaplege fakultet

| Fakultetet i tal | | |
|---|-------|-------|
| | 2000 | 2001 |
| Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemestret | 3 038 | 3 111 |
| Avlagde årseiningar (å 20 vekttall) lågare grad | 1 261 | 1 185 |
| Kandidatar på høgre grad | 192 | 178 |
| Doktorandar | 12 | 9 |
| Vitskaplege publikasjonar * | 173 | 255 |
| Tilsette årsverk pr. 30.9. | | |
| Ordinære stillingar (kap.261 og 281) | | |
| Vitskaplege/rekruttering | 138 | 142 |
| Teknisk/administrative | 67 | 65 |
| Oppdragsstillingar | | |
| Vitskaplege/rekruttering | 37 | 42 |
| Teknisk/administrative | 9 | 8 |
| Rekneskap (mill. kr.) | | |
| Ordinær verksemd | 110 | 125 |
| Oppdragsverksemd | 48 | 58 |

* Art. i internasj/nasj. tidsskrift, faglege bøker/lærebøker og kap. i fagl. bøker/lærebøker

17.1. Utdanning

Det samfunnsvitskaplege fakultet har i 2001 møtt ei rekkje nye utfordringar. Fakultetet har hatt ein strammare økonomisk situasjon enn i åra før, samtidig som studenttalet har halde seg på same høge nivå. Hausten 2001 hadde fakultetet totalt 1999 studentar på lågare grad, 910 på høgare grad og mastergrad, 107 registrerte kandidatar i doktorgradsprogrammet, samt 84 studentar på vidareutdanningstilbod. Ressurssituasjonen har ført til at tilsetjing i ledige stillingar er blitt halden på eit minimum, med spesielle vurderingar for kvart tilfelle.

Utdanningsreforma i høgre utdanning har stått sentralt i fakultetet sitt utviklingsarbeid i 2001. Ei fakultetsintern nemnd la fram si innstilling mot årsskiftet, og nemnda sitt framlegg rettar seg både mot modulisering av faga, samt utarbeiding av nye studieveggar (internt på instituttene, tverrfagleg og tverrfakultært). Nemnda sine framlegg inneheld óg ein handlingsplan som skal gjere fakultetet i stand til å møte ein del utfordringar alt frå hausten 2002, med full tilpassing til reforma frå hausten 2003.

I tråd med utdanningsreforma vart det lagt ned mykje arbeid knytt til framlegget om ny universitetslov.

Fakultetet valde å prioritere studiekvalitetsarbeid i 2001. Dette resulterte i opninga av eit eige informasjonssenter der studierettleiing og all informasjon er samla på ein stad. Mykje arbeid er lagt ned for å gjere informasjonssenteret til eit studentvenleg og opent tilbod.

17.2. Forsking

Det samfunnsvitskaplege fakultet har utarbeidd ein forskingsstrategisk plan med definerte satsingsområde i perioden 2000-2005. Denne planen vart følgd opp i fakultetet sine satsingar i 2001. Eit fagmiljø ved Institutt for økonomi har gått vidare til 2. runde i prosessen med å velje ut Sentre for framifrå forskning. Dette er eit samarbeidsprosjekt med Norges handelshøgskole.

Organiseringa og samspelet med universitetet si randsone har vore ei viktig sak. I 2001 er satsinga knytt til IKT- og medieforskning i InterMedia ført vidare og organisert under Avdeling for kultur, språk og informasjonsteknologi (AKSIS) i Unifob. Vidare er det gjennomført ein samanslåing mellom LOS-senteret og SEFOS som munna ut i skiping av eit nytt senter, "Stein Rokkan senter for flerfaglige samfunnsstudier". Også denne eininga er organisert i Unifob.

Evalueringsarbeid har stått sentralt i 2001. Fakultetet har vore aktivt både i Universitetet i Bergen sin sjølvvurderingsprosess, den eksterne evalueringa, og ikkje minst i evalueringa av dr.polit.-programmet.

Fakultetet vedtok i 2001 ein funksjonsplan for teknisk og administrativ bemanning. Planen dimensjonerer den tekniske og administrative staben ved fakultetet og skisserer kva arbeidsoppgåver som skal utførast på dei ulike nivåa. I det vidare arbeidet med planen vil økonomiarbeidet på fakultetet bli samordna.

18. Universitetsbiblioteket

| Universitetsbiblioteket i tal | | | | |
|---|-----------|-----------|----------------------|----------------------|
| | 2000 | 2001 | Endring 2000-2001 | Endring i prosent |
| Lån | 433 315 | 385 485 | -47 830 | -11,0 |
| Nedlastingar av elektronisk materiale (erstattar lån) | 18 680 | 103 180 | 84 500 | 452,4 |
| Publikumsbesøk | 452 560 | 432 000 | -20 560 | -4,5 |
| Utførte årsverk* | 107,3 | 106,2 | -1,1 | -1,0 |
| Rekneskap (i 1 000 kr.)** | 61 354,6 | 67 206,0 | 5 851,4 | 9,5 |
| Ordinær tilvekst bøker og tidsskrift (i bind) | 30 240 | 31 800 | 1 560 | 5,2 |
| Tidsskriftabonnement | 10 230 | 9 610 | -620 | -6,1 |
| Herav i trykt form | 8 620 | 8 000 | -620 | -7,2 |
| Herav i elektronisk form | 1 800 | 4 000 | 2 200 | 122,2 |
| Bestand bøker og tidsskrift (i bind) | 1 650 040 | 1 677 000 | 26 960 | 1,6 |
| Katalogisering/konvertering | 77 111 | 80 909 | 3 798 | 4,9 |
| * Omfattar også ekstra engasjert personale på arbeidsmarkedstiltak mv. | | | | |
| ** Inkl. tilskudd frå fakulteter og frå Haukeland sjukehus på vel 2 mill. kr. Fra 2001 er pensjonsinnskudd overført til einingane (for UB 2,915 mill kr.). Når dette talet vert halde utanom, auker forbruket frå 2000 til 2001 med kr. 2.936.400, eller 4,8 %. | | | | |

Universitetsbiblioteket har i 2001 satsa spesielt på å byggje ut og betre elektroniske bibliotek- og informasjonstenester, som ein lekk i det pågåande omstillingsarbeidet ved biblioteket og universitetet. Stadig større delar av UB sine samlingar og tenester er gjort tilgjengelege via Internett. Innsatsen har i 2001 særleg vore konsentrert om følgjande område:

- auka tilbod på elektroniske tidsskrift i fulltekst. Talet på tilgjengelege fullteksttitlar er utvida frå 1.800 i 2000 til 4.000 i 2001.
- digitalisering av dei eldste og mest verdfulle lutene av UB sine samlingar, både bøker, tidsskrift og spesialsamlingar (bilder, manuskripter, kart, mv.),
- konvertering (innlegging i BIBSYS) av UB sin kortkatalog. Ved årsskiftet var ca. 85 % av kortkatalogen konvertert.
- arbeid med å dokumentere, sikre og gjere (elektronisk) tilgjengeleg vitskapleg materiale som vert produsert ved Universitetet i Bergen
- utskifting/oppgradering av gammalt og dårleg edb-utstyr.

I tillegg har UB teke del i nasjonalt samarbeid om utvikling av emneportalar (organiserte og kvalitets-kontrollerte oversikter over Internett ressursar), om innkjøp og bruk av elektroniske tidsskrift, og i arbeid for å utvikle tilbod/bibliotektenester i tilknytning til IKT-basert læring og undervisning, bl.a. ved hjelp av læringssenter. Det vart i 2001 inngått ein samarbeidsavtale med biblioteket ved Makerere University, Uganda, om å bygge opp eit elektronisk bibliotek der.

Det er brukt ein god del ressursar til planarbeidet i samband med ombygging og flytting av fleire avdelingar. I 2001 gjeld dette særleg Det historisk-filosofiske, Det medisinske og Det samfunnsvitenskaplege fakultetsbibliotek, samt biletsamlinga, tilvekstavdelinga, IT-avdelinga, avdeling for forskingsdokumentasjon og administrasjonen.

UB gjennomførte i 2001 eit nytt opplegg for betaling for kopiering mv. for biblioteket sine brukarar. Dette har truleg vore medverkande til at det vart ein nedgang i registrerte lånetransaksjonar ved UB i 2001, men samtidig var det ein klar auke i bruken av elektroniske informasjonsressursar, her under nedlastingar av fulltekstdokument, som i aukande grad erstattar lån/kopiering av tidsskriftartiklar. Auken i slike nedlastingar var større enn den samla nedgangen i lånetransaksjonar.

UB fekk i 2001 ei ekstra tildeling på 1,5 mill. kr., knytt til den høge prisstiginga, særleg på tidsskrift. Det vart likevel ein mindre nedgang i realverdien av dei tilgjengelege budsjettmidla ved biblioteket.

Opningstider og servicenivå vart oppretthalde på omtrent same nivå som i 2000.

19. Styringsorgan

19.1. DET AKADEMISKE KOLLEGIUM Samansetning i 2001

Rektor:

Professor Kirsti Koch Christensen

Prorektor:

Professor Sigmund Grønmo

Vitskapleg personale:

Professor Bente Alver

Professor Ingvild S. Gilhus

Professor Stein Kuhnle

Professor Anne Bjørg Tveit

Professor Holger Ursin

Teknisk og administrativt personale

Kontorsjef Britt Karin Muri

Førstekonsulent Eli Mjøs Persen

Studentar:

Harald Martin Misje

Issam Aarag

Eksterne medlemmer:

Adm. direktør Ingvild R. Myhre

Adm. direktør Arne Skauge

19.2. DEKANAR 2001

Det historisk-filosofiske fakultet

professor Tore Grønlie

Det juridiske fakultet

professor Ernst Nordtveit

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

professor Eirik Sundvor

Det medisinske fakultet

professor Rolf Kåre Reed

Det odontologiske fakultet

professor Kjell Bjorvatn

Det psykologiske fakultet

professor Odd E. Havik

Det samfunnsvitenskapelige fakultet

professor Georg Henriksen

19.3. KOLLEGERÅDET, SAMANSETNING I 2001

FASTE VITSKAPLEG TILSETTE

Det historisk-filosofiske fakultet

Representantar:

Dekanus Tore Grønlie

Randi Koppen

Kjersti Fløttum

Vararepresentantar:

Prodekanus Ingvild Øye

Odd Einar Haugen

Vigdis Songe-Møller

Det juridiske fakultet

Representantar:

Dekanus Ernst Nordtveit

Erling J. Husabø

Vararepresentantar:

Prodekanus Gudrun Holgersen

Arnfinn Bårdsen

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

Representantar:

Dekanus Eirik Sundvor

Petter Larsson

Anne Marit Blokhuis

Vararepresentantar:

Prodekanus Dag L. Aksnes

Hans Petter Sejrup

Jakob J. Stamnes

Det medisinske fakultet

Representantar:

Dekanus Rolf Kåre Reed

Sylvi Aanderud

Arne Tjølsen

Vararepresentantar:

Prodekanus Nils Erik Gilhus

Steinar Hunskaar

Holm Holmsen

Det odontologiske fakultet

Representantar:

Dekanus Kjell Bjorvatn

Inge Fristad

Vararepresentantar:

Prodekanus Anne Christine Johannessen

Einar Berg

Det psykologiske fakultet

Representantar:

Dekanus Odd E. Havik

Svein Rognaldsen

Vararepresentantar:

Prodekanus Bente Wold

Øyvind Mikalsen

Det samfunnsvitenskaplege fakultet

Representantar:

Dekanus Georg Henriksen

Bjørnar Tessem

Vararepresentantar:

Prodekanus Tor Halvdan Aase

Olav Korsnes

Martin Eide

Ved hele universitetet

Representantar:

1. Gunnar Clausen

2. Lita Greve Jensen

Vararepresentantar:

1. Dag Helland

2. Terje Espelid

3. Anna-Brita Stenstrøm

4. Gunhild Strand

Uten fakultetstilknytning

Representant:

Pål H. Bakka

Vararepresentantar:

1. Regina K. Lein

2. Solveig Greve

Leder for Rådet for Universitetsbiblioteket

Leiv K. Sydnes

(Nestleder: Brita B. Hekland)

Førebels vitenskapleg tilsette

Representantar:

1. Anita Jacobsen

2. Ole Reidar Vetaas

3. Randi Gressgård

Vararepresentantar:

1. Knut Bergsvik

2. Oddrun Samdal (forskn.opphold til 13.12.2001)

3. Jan Oskar Engene

Teknisk og administrativt tilsette

Representantar:

1. Thelma Kraft

2. Frank Midtøy

Vararepresentantar:

1. Bergit Utne Fjelde

2. Anita B. Koldingsnes

3. Thorolf Førde

4. Frode Lillestøl

1. Wenche Hjertholm Natland

2. Rolf Svellingen

1. Rita Greiner-Simonsen

2. Berit Tviberg

3. Dag Hammerborg

4. Rune Herland

1. Lars Helge Nilsen

2. Kristin Bakken

1. Roald Vatne

2. Wenche Vårdal

3. Grethe M. Aarbakke

4. Kjetil Skog

Studentar

Det historisk-filosofiske fakultet

Representant:

Kim Bredesen

Vararepresentantar:

Tone Wasbak Melbye

Det juridiske fakultet

Representant:

Knut Einar Skodvin

Vararepresentantar:

Inger-Johanne Arildsen

Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet

Representant:

Øyvind Jakobsson

Vararepresentantar:

Kjersti Eline Larsen

Det medisinske fakultet

Representant:

Stian Kristoffersen

Vararepresentantar:

Eivind Solheim

Det odontologiske fakultet

Representant:

Esben Sjøblom

Vararepresentantar:

Harald Sommerseth

Det psykologiske fakultet

Representant:

Helga R Myrseth

Vararepresentantar:

Anders S. Wenneberg

Det samfunnsvitskaplege fakultet

Representant:

Hilde A. Haaland

Vararepresentantar:

Benedikte Svoldal

Studentrådet

Representant:

Gunnveig Grødeland

Vararepresentantar:

Reid Hauke Tønnesen

ADMINISTRASJON

Universitetsdirektør Kåre Rommetveit

Assisterende universitetsdirektør Sverre Spildo